

Norwegian Hydrogen AS

► **Planomtale med konsekvensutgreiing**

Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl.

Oppdragsnr.: 52200715 Dokumentnr.: 1 Versjon: 04 Dato: 2022-11-18



Oppdragsgjevar: Norwegian Hydrogen AS
Oppdragsgjevares kontaktperson: Andreas Østigård
Rådgjevar Norconsult AS, Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund
Oppdragsleiar: Sindre Blindheim
Fagansvarleg: Kåre Gjengedal
Andre nøkkelpersonar: Kevin Melby, Synne Tveiten, Elisabeth Baril, Lars Ivar Kjesbu, Jacob Greve Johannessen, Henrik Langeland, Arne E. Lothe.
Fagkontroll: Pernille Ibsen Lervåg

Framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m.fl. består av følgjande plandokument:

- Dokument 1: Planomtale/KU (dette dokumentet), datert 03.11.2022
 - Dokument 2: Føresegner, datert 03.11.2022
 - Dokument 3: Plankart, datert 22.11.2022
 - Dokument 4: ROS-analyse, datert 27.10.2022
 - Vedlegg 1: Innkomne innspel i samband med forvarsling 3.01.2022.
 - Vedlegg 2: Innkomne innspel i samband med utvida varsel 8.03.2022
 - Vedlegg 3: Innkomne innspel i samband med/i etterkant av folkemøte 29.10.2022
 - Vedlegg 4: Geotekniske grunnundersøkelser, datarapport datert 2021-12-01
 - Vedlegg 5: Ingeniørgeologisk avklaring av rasfare - korrespondanse dat. 16.02.22
 - Vedlegg 6: Støykartlegging, Hydrogenfabrikk Hellesylt, datert 2022-09-12
 - Vedlegg 7: Hydrogenanlegg Hellesylt: landskapsbilde, datert 2022-10-11
 - Vedlegg 8: Norwegian Hydrogen, VA-rammeplan, datert 2022-09-16
 - Vedlegg 9: Kvantitativ risikoanalyse for hydrogenanlegg Hellesylt, datert 2022-10-24
 - Vedlegg 10: Notat utslipp Hellesylt Hydrogen HUB, datert 2022-09-24
 - Vedlegg 11: Tindra Nett AS: Strømforsyning til Norwegian Hydrogen sitt anlegg på Hellesylt datert 12.10.2022
 - Vedlegg 12: Flomfare fra Sjø dat. 2022-11-03
- Uprenta vedlegg:
- Utsendte dokument i samband med forvarsling og utvida forvarsling
 - Notat sendt MR fylke 25. mai 2022.
 - Svarbrev frå MR fylke 1. juli 2022 (saksnr. 2022/217 – 81912/2022)

04	2022-11-18	Endeleg	Kåre Gjengedal		Sindre Blindheim
03	2022-11-11	Utkast til godkjenning tiltakshavar	Kåre Gjengedal	Pernille Ibsen Lervåg	Andreas Østigård
02	2022-11-08	Fagkontroll	Kåre Gjengedal	Pernille Ibsen Lervåg	
01	2022-11-03	Utkast til fagkontroll	Kåre Gjengedal		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Samandrag

Framlegg til detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl. er kome i stand som følgje av ein lengre prosess Norwegian Hydrogen AS har hatt med Stranda kommune. Arbeidet starta i 2020 med utgreiing av ulike lokasjonar for etablering av eit produksjonsanlegg for hydrogen. Fleire lokalitetar i tilknytning til nærliggande straumproduksjon vart vurdert. Vurderingane og drøftingane enda med at eigedomen gnr. 91 bnr. 174 var einaste reelle alternativ. Dette arealet var eigd av kommunen og del av arealet vart gjennom eiga sak i kommunestyret selt til Norwegian Hydrogen AS i 2021 og frådelt som gnr. 91 bnr. 242.

Bakgrunnen for planinitiativet er behov for etablering av fabrikk for produksjon av hydrogen som drivstoff for m.a. drift av ny ferje på strekninga Hellesylt – Geiranger. Slik produksjon er ein viktig del av det grønne skiftet og del av både kommunale, regionale og nasjonale mål for berekraft.

Tiltaket er vurdert å være KU-pliktig i.h.t. forskrifta pga. etablering av et produksjonsanlegg for eksplosjonsfarleg stoff. Det er i hovudsak dette farepotensiale knytt til anlegget som utløyser KU. Tiltaket er likevel innanfor ein svær avgrensa målestokk (omfattast ikkje av storulykkesforskrifta), slik at vedlegg I ikkje kjem til bruk og ikkje utløyser krav om planprogram. Planframlegget bygger på gjeldande reguleringsplan for Hellesylt. Areal utanom område F/I-1 er i hovudsak oppretthaldne både i avgrensing og bruk i samsvar med gjeldande plan.

F/I-1 arealet, som i gjeldande plan kan nyttast til forretning, industri og vegserviceanlegg, har fått ei presisering innan industriføremålet slik at etablering av anlegg for produksjon og lagring av hydrogen kan tillatast. Utgreiingar og plandokument er særleg tilpassa slik etablering i ROS- og KU-utgreiingane. Vi viser elles til gjeldande plan sine utgreiingar.

Planområdet si utstrekning er tilpassa naudsynte hensynssoner knytt til hydrogen anlegget. Dette medfører at ein del av sjøarealet aust om fv5920 er med. Dette er sjøareal som inngår i Korsbrekke naturreservat. Vernereglane for reservatet er tekne omsyn til gjennom ROS-tiltak og tiltak knytt til handtering av spillvatn og overvatn frå arealet F/I-1. Planframlegget omfattar:

Arealtype	Areal, daa
Byggeareal	28,2
Vegetasjonsskjerm	1,1
Kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon PS3	0,1
Vegareal (køyreveg, fortau, annan veggrunn	9,7
Parkering, P	2,1
LNFR-areal for naudsynt tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næringsverksemdbasert på garden sitt ressursgrunnlag	19,2
Bruk og vern av sjø- og vassdrag med tilhøyrande strandlinje	10,9
Sum areal, avrunda	71,4

Så langt vi kan sjå medfører ikkje planendringa vesentlege konsekvensar for samfunnssikkerheit, kringliggande arealbruk, kommunen eller andre partar. Så langt vi kan sjå er planinitiativet/planendringa eit positivt tiltak i samsvar med både lokale behov og lokale, regionale og nasjonale målsettingar for samfunnsutviklinga.

Innhold

1	Nøkkelopplysningar	7
2	Bakgrunn	8
2.1	Føremålet med planen	8
2.2	Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold	8
2.3	Tidlegare vedtak i planen	8
2.4	Utbyggingsavtale	8
2.5	Krav om konsekvensutgreiing?	8
3	Planprosessen	9
3.1	Medverknad, oppstart, ev. planprogram	9
4	Planstatus og rammevilkår	10
4.1	Overordna planar	10
4.2	Gjeldande reguleringsplanar, tilgrensande planar	10
4.3	Fylkesplanar	10
4.4	Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	10
5	Omtale av planområdet	12
5.1	Lokalisering	12
5.2	Generelt	12
5.3	Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk	13
5.4	Staden sin karakter	14
5.5	Landskap	14
5.6	Kulturminne og kulturmiljø	15
5.7	Naturverdiar, vassressursar	15
5.8	Rekreasjonsverdi/bruk, uteområde	16
5.9	Landbruk	16
5.10	Trafikkforhold	17
5.11	Borns interesser	17
5.12	Sosial infrastruktur	17
5.13	Universell tilgjengelegheit	17
5.14	Teknisk infrastruktur	17
5.15	Grunnforhold	17
5.16	Støyforhold	17
5.17	Luftforureining	18
5.18	Risiko- og sårbarheit (eks. situasjon)	18
5.19	Næring	18
6	Omtale av planforslaget	20
6.1	Planlagt arealbruk	20

6.2	Reguleringsføremål	20
6.3	Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og omtale av løysningane	20
6.4	Bygningar – høgde	29
6.5	Grad av utnytting	29
6.6	Tal arbeidsplassar, m ² næringsareal	30
6.7	Tal bustader, leilegheitsfordeling	30
6.8	Bustadmiljø	30
6.9	Parkering	30
6.10	Tilknyting til infrastruktur	31
6.11	Trafikkløysing	31
6.12	Køyretilkomst	32
6.13	Utforming av vegar	32
6.14	Krav til samtidig opparbeiding	33
6.15	Varelevering	33
6.16	Tilgjengelegheit for gåande/syklande	33
6.17	Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold	33
6.18	Planlagde offentlege anlegg	33
6.19	Miljøoppfølging	33
6.20	Universell utforming	34
6.21	Opphaldsareal ute	34
6.22	Landbruksfaglege vurderingar	34
6.23	Kollektivtilbod	34
6.24	Kulturminne	34
6.25	Sosial infrastruktur	34
6.26	Plan for vatn/avlaup, tilknyting til off. nett, jf. kommunen si VA-norm	34
6.27	Plan for avfallshenting	37
6.28	Støysoner	37
6.29	ROS-forhold	38
6.29.1	<i>Skredfare bratt terreng</i>	39
6.29.2	<i>Skredgenerert flodbølge Åkneset</i>	39
6.29.3	<i>Ustabil grunn</i>	39
6.29.4	<i>Havnivåstigning, stormflo og bølgeverknad</i>	39
6.29.5	<i>Ekstremnedbør</i>	40
6.29.6	<i>Skog-/ lyngbrann</i>	40
6.29.7	<i>Risiko knytt til brann/eksplosjon ved industrianlegg</i>	40
6.29.8	<i>Akutt forureining</i>	45
6.29.9	<i>Transport av farleg gods</i>	45
6.29.10	<i>Sløkkevatn for brannvesenet</i>	45
6.29.11	<i>Tilsikta handlingar</i>	46
6.30	Avbøtande tiltak/ kompensierende tiltak på ROS forhold	46

6.31	Rekkjefølgjebestemmingar	46
7	Konsekvensutgreiing	48
7.1	Samandrag	48
7.2	Omtale av tiltaket, planmessig grunnlag for utgreiinga	48
7.3	Forhold ved tiltaket som kan ha verknader	49
7.4	Dokumentgrunnlag for KU-utgreiinga	50
7.5	Nullalternativet	50
7.6	Omtale av status tilstand, nullalternativet	50
7.7	Forureining (utslepp til luft, her under klimagassutslipp, forurensing av vatn og grunn, samt støy)	52
7.8	Naturmangfald, økosystem, vassmiljø	54
7.9	Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	61
7.10	Kulturminne og kulturmiljø	61
7.11	Friluftsliv	62
7.12	Landskap	63
7.13	Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	64
7.14	Beredskap og ulykkesrisiko	65
7.15	Verknader som følge av klimaendringar, her også risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred	68
7.16	Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga	69
7.17	Tilkomst for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	70
7.18	Barn og unge sine oppvekstvilkår	71
7.19	Kriminalitetsførebygging	72
7.20	Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	73
7.21	Teknisk infrastruktur	74
7.22	Økonomiske konsekvensar for kommunen	75
7.23	Konsekvensar for næring	76
7.24	Interesse motsetningar	78
7.25	Avveging av verknadar, oppsummering konsekvensar vist til i KU	78
8	Merknader/innspeil ved forvarsling	80
8.1	Innkomne merknader/innspeil	80
8.2	Oppsummering av dei viktigaste innspela i merknadene, vurdering og omtale av korleis dei er tekne omsyn til	80
9	Avsluttande kommentar	89

1 Nøkkelopplysningar

Kommune, kommunedel:	Stranda kommune, Hellesylt
Stad/adresse:	6218 Hellesylt
Forslagsstillar:	Norwegian Hydrogen AS
Eksisterande planstatus:	Planområdet inngår i «Reguleringsplan for Hellesylt sentrum» (PlanID 2011002)
Planframlegg:	PlanID 2021005
Planområdet sitt areal i daa:	ca. 71,4 daa
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Køyreveg, fortau, gang- og sykkelveg.
Aktuelle problemstillingar:	Kollektivpunkt, kryssløysing køyreveg, planfri kryssing gangveg/køyreveg, heilskapleg løysing for gangveg og fortau.
Kunngjering, dato (avis):	03.01.2022
Varslingsdato berørte partar (brev):	03.01.2022. Utvida varsel 08.03.2022
Frist for merknad:	Delfristar i h.h.t. varsling, jf. over: 18.02.2022 og 31.03.2022
Medverknad utover varsling:	Folkemøte 29.10.2022.
Krav om konsekvensutgreiing:	Ja (ikkje planprogram).

2 Bakgrunn

2.1 Føremålet med planen

Formålet med planendringa er å etablere ein arealbruk for gnr. 91 bnr. 242 i Hellesylt som gjev høve til etablering av fabrikk for produksjon og lagring av 1 til 2 tonn komprimert hydrogen pr. døgn. Hydrogenanlegget er tenkt som eit «container anlegg», dvs. bygd opp av modular som samla utgjer produksjonsfabrikken. Gjeldande reguleringsføremål er oppretthalde, og bygging av hydrogenanlegget er lagt til arealet F/I-1 si moglege utnytting. Målet er å kunne realisere bygging av hydrogenfabrikk innan få år.

Produksjonen av hydrogen skal m.a. bidra til at ferjetrafikken Hellesylt – Geiranger kan gå utsleppsfri. Dette i samsvar med dei krav som vert innført 23. jun. 2022 — *Regjeringen har vedtatt krav om nullutslipp for å ta vare på natur og miljø i verdensarvfjordene, og fra 2026 kan ikke lenger cruiseskip segle inn til Geiranger på samme måte som i dag.*

Fabrikken skal elles dekke lokale/regionale behov for hydrogen så langt produksjonen rekk.

2.2 Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Norwegian Hydrogen AS (NH). Plankonsulent er Norconsult AS. NH har etter forvarslinga kjøpt del av gnr. 91 bnr. 174 frå kommunen, eigedomen er ved frådelinga gitt gnr. 91 bnr. 242.

2.3 Tidlegare vedtak i planen

Gjeldande reguleringsplan «Reguleringsplan for Hellesylt sentrum (PlanID 2011002, gjeldande frå 02.09.2015). Ved oppstart av arbeidet med detaljregulering for gnr. 91 bnr. 174 m. fl. vart det utarbeidd «Planinitiativ» som grunnlagsdokument for oppstartsmøtet 24.08.2021. Spørsmålet om oppstart var handsama i Planutvalet 20.12.2021 (sak 104/21).

2.4 Utbyggingsavtale

Kommunen og tiltakshavar Norwegian Hydrogen AS har drøfta ev. behov for utbyggingsavtale. Konklusjonen er at det ikkje er naudsynt, men for utbetring av tilkomstvegen «Gamlevegen» og krysset mellom Gamlevegen og Fv5920, skal det lagast eiga avtale mellom partane for utbetring av veg og kryss.

2.5 Krav om konsekvensutgreiing?

Tiltaket er vurdert å være KU-pliktig i.h.t. forskrift om konsekvensutgreiing pga. etablering av et produksjonsanlegg for eksplosjonsfarleg stoff. Anlegget medfører:

- produksjon og lagring av gass på jordoverflata
- eksplosjonsfare
- anlegget er lokalisert i faresone for stormflo og flodbølge frå Åkerneset

Vi viser elles til gjeldande reguleringsplan for Hellesylt og dei avklaringane som vart gjort der i forhold til KU-området.

3 Planprosessen

3.1 Medverknad, oppstart, ev. planprogram

Oppstart av planarbeidet vart varsla to gonger og det er halde folkemøte:

- 24.08.2021: Oppstartsmøte med kommunen
- 03.01.2022: Ved annonse i NYSS, oppstartsbrev med annonse og Planinitiativ til grunneigarar, naboar, off. mynde og organisasjonar. Utlegging av varslingsdokumenta på kommunen si heimeside.
- 08.03.2022 med brev til grunneigarar, naboar, off. mynde og organisasjonar. Utlegging av varslingsbrev på kommunen si heimeside.
- 29.10.2022: Folkemøte på Hellesylt. Til folkemøtet var «særskilde grupper: Rådet for funksjonshemma, eldrerådet og born og unges representant i plansaker» innkalla.
- Elles har det vore god kontakt/kommunikasjon mellom kommunen, tiltakshavar og plankonsulent i planprosessen.
- Under planprosessen har det vore drøfta å inkludere produksjon og lagring av oksygen, jf. restprodukt som følgje av hydrogenproduksjon. Dette er utsett og vert ev. å kome tilbake til i eiga sak når lagringsmengd og verknader på faresoner er nærmare avklara og dokumentert..

4 Planstatus og rammevilkår

4.1 Overordna planar

Av konkrete viktige planar for Stranda kommune viser vi til:

- a. Kommuneplanen; arealdelen gjeldande frå 23.06.2021 (PlanId2019014)
- b. Kommunen sin samfunnsdel 2019-2031, mål og strategiar
- c. Reguleringsplan for Hellesylt sentrum (PlanID 2011002, gjeldande frå 02.09.2015)

Kommuneplanen, jf. føresegnene pkt. 4.5,) legg til grunn at gjeldande reguleringsplan for Hellesylt sentrum skal gjelde.

4.2 Gjeldande reguleringsplanar, tilgrensande planar

Arealet gjeldande framlegg til detaljplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl. inngår fullt ut i gjeldande reguleringsplan for Hellesylt sentrum.

4.3 Fylkesplanar

Fylkesplanen for Møre og Romsdal inneheld viktige mål for levande lokaldemokrati og utvikling av lokalsamfunn og fylke.

4.4 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

«Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)»

Utbygginga som er planlagt er i hovudsak i tråd med retningslinjene for å oppnå samordna areal og transportplanlegging, jf. også målsettinga for planarbeidet. Retningslinjene går i hovudsak ut på å få ein mest mogleg effektiv, trygg og miljøvennleg transport, slik at transportbehovet vert avgrensa.

«Rikspolitisk retningslinje (RPR) for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga (1995)»

Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som kan være aktuell i denne plansaka:

Følgjande skal visast spesiell merksemd:

- a) Areal og anlegg som skal brukast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy og trafikkfare.
- b) I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:
 - Er store nok og eigner seg for leik og opphald
 - Gir moglegheit for ulike typar leik på ulike årstider
 - Kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom born, unge og vaksne

Andre aktuelle nasjonale ramme og føringar er blant anna:

- Plan- og bygningslova
- Lova om kulturminne
- Lova om forvaltning av naturens mangfald
- Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vassforskrifta §12)

Planomtale med konsekvensutgreiing


Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl.
Oppdragsnr.: **52200715** Dokumentnr.: **1** Versjon: **04**

- Rundskriv T-2/08 om barn og planlegging (Miljøverndepartementet)
- T-1490 rettleiar reguleringsplan (Miljøverndepartementet)
- Kart- og planforskrifta

5 Omtale av planområdet

5.1 Lokalisering

Planområdet ligg i sørleg del av Hellesylt, grovt sett rekna frå der Hellesyltvegen kjem ned til sentrum og sør-over mot idrettsanlegget. Sjølvte tiltaksområdet er gnr. 91 bnr. 242. Planområdet er m.a. avgrensa i forhold til nye omsynssoner knytt til faresoner.



Tiltaksområdet

5.2 Generelt

Generelt viser vi til plankart, føreseigner, planomtale og KU-utgreiing for gjeldande reguleringsplan for Hellesylt sentrum. Sidan planendinga i realiteten omfattar ein heller liten arealdel av Hellesylt sentrum som

vert påført endringar, så er omtalen under søkt avgrensa i forhold til dei framlegg til planendringar og dei verknadene planendringane fører med seg.

Gjeldande reguleringsplan frå 2015 (PlanID 2011002) med stipla raud linje
for planområdet

Grunnkart, med
stipla linje tiltaksområdet



5.3 Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk

Kommunen, som eigde tiltaksarealet før Norwegian Hydrogen AS (NY) kjøpte det, nytta området til lagring av fjellmassar frå veganlegg. Som vist til i oppstartsvarselet er tiltaksområdet del av eigedomen gnr. 91 bnr. 174 på oppstartstidspunktet. Seinare er denne eigedomen delt der NH har kjøpt og fått frådelt eigedomen gnr. 91 bnr. 242, (91/242). Eigedomen 91/242 inngår i no regulererte område F/I-1 og F/I-2. Desse områda er regulert til forretning/industri med nærmare bestemmingar. Tilgrensande areal vest om Fv 5920 (innan framlegg til planendringa si grense) vert i dag nytta til forretnings-, industri- og lagerfunksjonar og er i stor grad bygd ut. Del av arealet i nord/aust er nytta til campingplass. Arealbruken er fastsett i reguleringsplanen for Hellesylt sentrum som vart vedteken i 2015 og omfattar heile sentrumsområdet. I aust inngår del av Korsbrekke naturreservat i planen.

5.4 Staden sin karakter

Hellesylt fungerer som lokalsenter for Sunnylvsbygda med skule (barne- og ungdomstrinnet) og kyrkje. Sentrum er prega av ein mindre del sentrumsbebyggelse, ein mindre del eldre bustadbebyggelse, ei rekkje næringsverksemdar som Hellesylt Trevare AS, Formvac AS, Hellesylt Turistsenter AS, Trygg Trykk, Hellesylt Bil og Maskin AS, matvarebutikk, kafear, bensinstasjon, fabrikkutsal mv. Viktigaste verksemda er Ringdal AS. Hellesylt har vegsamband til kommunesenteret Stranda, til Ørsta/Volda via ferja Leknes/Sæbø, og til Nordfjord via Hornindal, til Geiranger via ferje. Hellesylt er eit viktig turistmål og eit viktig senter for reisande turistar. Hellesylt har djupvasskai sentralt i bygda og eit årleg besøk av ca. 100 turistskip og ca. 150.000 turistar. Staden sin karakter, estetisk uttrykk, er prega av ei inndelt samling i ulike grupper med mindre hus/bygningar og større bygningar/anlegg som t.d. industribygget til Ole Ringdal AS, skulen og djupvasskaia.

5.5 Landskap

Hellesylt ligg på eit deltaområde som dels er utvida og gjort byggeklart med oppfylte massar. Staden ligg omkransa av fjorden og heller bratte fjellsider. Bebyggelsen har varierende alder, stil og omfang. Tettstaden er knytt til sjøen både med ferjekai og med kai for større skip. Hellesyltfossen er tydeleg i tettstadsbildet. Botnen av fjorden har eit ope landskap med idrettsanlegg, naturområde og kulturområde (landbruk).



Figur 2 – Landskapet i og rundt Hellesylt. Planområdet er vist med gult rektangel. Kilde: Norkart

I det nasjonale referansesystemet for landskap ligg Hellesylt og planområdet i landskapsregion 23 Indre bygder på Vestlandet. Her heiter det om landskapet sine hovudformer:

«Regionen strekker seg fra nord i Rogaland til Nordmøre. Den kjennetegnes ved at alle u-regioner har en betydelig nedskåret hovedform som strekker seg dypt inn i landet og omgis av høye fjell. Mest ekstrem av regionens ulike landskaper er de dypt innskårne og trange fjordløpene som omkranses av høye fjell og tinder. I noen u-regioner erstattes fjorden av store fjordsjøer, men "bunnen" har fortsatt samme vide karakter. Her er også 5 u-regioner uten fjordkontakt, dvs dype, langsmale dalbunner omgitt av tilsvarende høye fjell som fjordene. Sentralt i regionen er også de omkringliggende fjellområdene, som både kan utgjøre selve

silhuettavgrensingen rundt dal-/fjordtrauet, eller inkludere flere små til middelsstore mellomliggende fjellområder. Ofte er dette høyfjellsterreng, men her inngår også noen lavereliggende lågfjell og fjelldaler. Fjellenes ulike hovedformer skaper variasjon. Sør for Sognefjorden har fjella ofte avrunda paleiske former, stedvis iblandet storkupert vidde. U.reg. 23.5 Voss har mildest preg, bl.a. med innslag av store enkeltstående åser. Med unntak av innerst i Sognefjorden, så har de fleste av fjellområdene nord for fjorden grove glasiale hovedformer, noe som gir et villere preg».

Tiltaksområdet, jf etablering av hydrogenanlegget:



Foto av tiltaksområdet (gnr. 91 bnr. 242): arealet er i dag nytta til lagring av fjellmassar.

5.6 Kulturminne og kulturmiljø

Der er ikkje registrert kulturminne innan planområdet. Viser elles til gjeldande reguleringsplan.

5.7 Naturverdiar, vassressursar

Planområdet inneheld ikkje bekkar, vassdrag eller sjøområde som det er føresett gjort inngrep i, jf. vassforskrifta §12. Planområdet omfattar deler av Korsbrekke naturreservat/del av sjøarealet. For naturreservatet viser vi til eiga forskrift knytt til dette området. «Forskrift om verneplan for havstrand og elveos, Møre og Romsdal, vedlegg 5, freding av Korsbrekke naturreservat, Stranda kommune, Møre og Romsdal».

Korsbrekke naturreservat er omtala slik:

Frå Faktarket:

Formålet med vernet er å ta vare på eit av dei få, delvis urørde elvedelta inne i fjordane på Sunnmøre inkludert dei botaniske og geologiske verneverdiane. Dei viktigaste botaniske verdiane i reservatet er knytt til strandengene. Av meir sjeldne artar er saltarve. Ein annan interessant art er ålegras. Denne arten er utbreidd på kysten av Møre og Romsdal, men er sjeldsynt i indre fjordstrok. Området grenser til vegar og

bebygde område og er av den grunn utsett for press. Det er også bygd ei kai for mellom anna turistbåtar like ved. Reguleringsplanen/føresegna sett krav til skipsmanøvreringa for å unngå skader i verneområdet.

I forskrifta for verneområdet heiter det (FOR-20002-11-08-1235):

§ 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit av dei to einaste gjenverande, delvis intakte elvedelta inst inne i dei djupe Sunnmørsfjordane, med det biologiske mangfald som høyrer til.

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

- 1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.*
- 2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.*
- 3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.*
- 4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.*
- 5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.*
- 6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.*

I kommuneplanen er det nedfelt omsynssoner:

Sone med særskilde omsyn (pbl. § 11-8 c, jf. § 12-6): Bevaring av naturmiljø (H560)

Bandleggingssone (pbl. § 11-8 d, jf. § 12-6): Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

5.8 Rekreasjonsverdi/bruk, uteområde

Planområdet er ikkje del av tettstaden sine rekreasjonsareal eller uteområde.

5.9 Landbruk

I planområdet inngår eit LNRF-område. Gjennom området går ei 22kV kraftlinje. Viser til gjeldande reguleringsplan.

5.10 Trafikkforhold

Trafikken på Fv 5920 er i dag ÅDT 180 (tal frå fylke/samferdselsavd.). Trafikken på Gamlevegen (som tiltaket skal knytast til) kjem i dag berre frå Hellesylt utleigebygg (lagerbygninga på 60/24), avkøyrsla på baksida av forretningsbygget til HT Bygg Hellesylt AS samt elles tilfeldig trafikk. ÅDT stipulert til <20.

5.11 Borns interesser

Av arealet planområdet omfattar er det berre campingplassen som har slik bruk at born sine interesser gjer seg gjeldande, jf. bruken av «utearealet». Elles er Fv 5920 tilkomstveg fram til idrettsanlegget. Grøntarealet «G» er ikkje føresett nytta til leik.

5.12 Sosial infrastruktur

Fv 5920 må reknast å inngå i den sosiale infrastrukturen for gåande og syklende, jf tilkomst til idrettsanlegget

5.13 Universell tilgjengelegheit

Arealet er universelt tilgjengeleg.

5.14 Teknisk infrastruktur

Vegar: Fv 5920 er tilkomstvegen gjennom området. I tillegg kan Gamlevegen vere tilkomst for verksemder og tiltak som grensar til denne.

Kommunaltekniske anlegg; overvatn, vassforsyning og spillvatn: Ingen særskilde utbygde tiltak innan overvasshandsaming. Langs fv5920 Bygda er der ikkje etablert slukar for oppsamling av overvatn frå vegbane – dvs. naturleg avrenning. Hovudvassforsyninga går i leidning Ø110 mm gjennom planområdet. Spillvassleidning Ø160 går gjennom området (er knytt til lokal pumpestasjon).

5.15 Grunnforhold

Grunnforholda er nærmare avklara gjennom ein eigen geoteknisk rapport «Geotekniske grunnundersøkelser» dok nr. RIG-R01 (vedlegg 4). I rapporten heiter det m.a.:

Løsmassene kan i posisjon T1, T2 og T3 generelt beskrives som løsmasser med middels høy til meget høy boremotstand fra terrengnivå og ned til ca. 2,0-3,5 m, antatt fylte masser og skredmateriale. Deretter er det registrert løsmasser med lav til middels høy boremotstand i flere titalls meter, antatt elveavsetninger av siltig, sandig materiale. Elveavsetningene antas å ligge over morene, som igjen ligger over antatt berg.

5.16 Støyforhold

Trafikkstøy i dagens situasjon i/inntil planområdet kjem frå fv60 Hellesyltvegen, jf. utsnitt frå «støysoner for riks og fylkesvegar» vist under og frå fv5920 (Bygda). Fv5920 har liten trafikk, ÅDT ca. 180, og er ikkje teke med i berekninga vist under. Elles visast til ev. støy frå eksisterande verksemder og båttrafikk. Vi kjenner ikkje til om eks verksemder har aktivitet som medfører støy på natt. Når det gjeld støy frå skip til kai viser vi til gjeldande reguleringsplan der grense for gul støysone er vist. Nærmaste støyfølsame areal/område, i forhold til planområdet, er campingplassen – Hellesylt Camping.



Fv60 (Hellesyltvegen)

Fv5920 Bygda

5.17 Luftforureining

Området er ikkje utsett for luftforureining, som vi eller kommunen kjenner til.

5.18 Risiko- og sårbarheit (eks. situasjon)

Dagens situasjon for ROS-forholda er nærmare omtala/vurdert i plandokumenta i gjeldande plan. Med bakgrunn i desse dokumenta er forholda kring ROS avklara og tiltak nedfelt i gjeldande plan både kva gjeld skredfare og flaumfare, jf. plankart og føreseigner. Viser her m.a. forhold knytt til framtidig havnivå og ev. skred frå Åknes/Tafjord (jf. TEK 7.4). Fastsett klimahøgde i gjeldande plan, jf. føresegnene 5 bokstav k, er sett til kote 2,70. I ROS-vurderinga tilhøyrande planen er ikkje bølgeverknader vurdert.

I gjeldande plan er det fastsett grenser for dei ulike faresonene for rasfare gjeldande S1, S2 og S3. Som del av vårt planarbeid har vi, grunna usikkerheit knytt til om nemnde grenser er dei sist bestemte/no gjeldande, gått gjennom dokumentasjonen ved å samanhalde NVE og kommunen sin dokumentasjon. Gjennom vår korrespondanse med NVE og kommunen er det avklara at viste grenser i gjeldande områdereuleringsplanen er dei gjeldande. Vi viser til «Ingeniørgeologisk avklaring av rasfare - korrespondanse dat.16.02.22 til 20.04.22», vedlegg 5.

Forhold kring skredgenerert flodbølge frå Åkneset er også avklara i gjeldande plan med fastsette bestemmingar. Viser elles til ROS-analysen pkt. 4.3.2 som avklarar nærmare opp mot planframlegget.

5.19 Næring

Innan området er følgjande verksemdar etablerte:

Planomtale med konsekvensutgreiing

Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl.
Oppdragsnr.: **52200715** Dokumentnr.: **1** Versjon: **04**

- Hellesylt Utleigebygg As
- Heltre As
- Trygg Trykk Arne Inge Tryggestad
- Hellesylt Magnus
- Formvac As
- Øyrane As

6 Omtale av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

Planlagt arealbruk er i hovudsak i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

I tillegg er planen endra på slik måte at følgjande tiltak kan iverksetjast innan område F/I -1; eigedomen gnr. 91 bnr. 174:

- Produksjon- og lagring av komprimert hydrogen.
- Sikringsvoll (jf. sikring ved ev. eksplosjon på anlegget og som tiltak for støydemping.
- Sikringsgjerde rundt anlegget
- Tilkomst/avkøyrsløse til Gamlevegen

Kringliggande areal:

- Omsynssoner knytt til fare (eksplosjon) så langt desse gjeld dei ulike areala.

6.2 Reguleringsføre mål

Enkelte areal har fått ny nemning i siste versjon av sosi-koder. Vi har lagt til grunn sosi-versjon 4.5.2

Innan plangrensa er følgjande reguleringsføre mål nytta:

Arealtype	Areal, daa	sosikode
Fritidsbustader, FHR	2,0	1120
Industri, IND2	5,7	1340
Kombinert bruk: Forretning/industri, F/I-1, FI-2, F/I-3	16,3	1812
Kombinert bruk: forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål, F/T/F	4,1	1800
Vegetasjonsskjerm, VG	1,1	3060
Kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon PS3	0,03	1560
Køyreveg, V	4,5	2011
Fortau	1,4	2012
Anna trafikkareal	3,4	2018
Anna trafikkareal, grøntareal	0,4	2019
Parkering, P	2,1	2080
LNFR-areal for naudsynt tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næringsverksemdbasert på garden sitt ressursgrunnlag	19,2	5100
Bruk og vern av sjø- og vassdrag med tilhøyrande strandlinje	10,9	6001
Sum areal, avrunda	71,4	

6.3 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføre mål og omtale av løysningane

Generelt:

I all hovudsak følgjer arealbruken som i vedteken gjeldande reguleringsplan for Hellesylt sentrum.

Avvika gjeld:

- a) Områda F/I har fått anna inndeling ved at eigedomen gnr. 91 bnr. 242 (eigar: Norwegian Hydrogen AS) er regulert som eitt område - F/I-1. Areal F/I-2 og F/I-3 er tilpassa F/I-1, men avgrensa etter same prinsipp som i gjeldande plan. Samla F/I-areal er som i gjeldande plan.
- b) Støy- og sikringsvoll knytt til anlegget tenkt bygd på F/I-1 er føresett å ligge dels på område VG og dels på område F/I-1.
- c) Omsynssoner knytt til støy samt brann- og eksplosjonsfare som følgje av etablering av hydrogen- og oksygenfabrikk på F/I-1 er lagt til.
- d) Del av sjøarealet er teke med grunna omsynssoner i hht bokstav c) over. Sjøarealet er del av Korsbrekke Naturreservat.

Kort om reguleringsføremåla:

Fritidsbustader, FRH

Arealbruken er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og omfattar:

I område merka "FRH1" kan det førast opp bygg for fritidsbusetnad. Ein mindre del naust kan inngå.

Tilkomst til sjø kan ikkje etablerast for areal som grensar til verneområde.

I området FRH1 kan bygningar ha ei gesims- og mønehøgde innan rammene til plan- og bygningslova.

Det skal setjast av 2 parkeringsplassar for kvar bueining innanfor planområda. For naust skal setjast av 0,5 P-plass pr. eining. Før utbygging innan områda skal det utarbeidast og godkjennast ein detaljplan i samsvar med pbl § 12-3 jf. føresegnene §13. Planområdet skal inngå i plan for tilgrensande område F/T/F. Maks bebygd areal BYA er 75 % inkl. parkeringsareal.

Industri, IND2:

Arealbruken er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og omfattar:

Arealet er eit generelt industriområde med dei avgrensingane som føresegnene set. Det kan m.a. ikkje etablerast verksemd som på grunn av støy eller anna forureining, som etter kommunen sitt skjønn, vil kunne vere til vesentleg ulempe for omkringliggande bustadområde, næringsområde m. v. Det skal ikkje etablerast verksemd innanfor området som medfører utvendig støy som overskrider grensene fastsett i retningslinje T-1442 frå Miljøverndepartementet. For del av IND2 kan bruksføremålet også vere vegserviceanlegg. I tillegg visast m.a. til at bygningar innanfor området skal førast opp i branntrygge materialar. Maks bebygd areal BYA er 50 %. Pbl sine generelle reglar vedkomande maks gesims- og mønehøgde gjeld. Som del av bygning kan det etablerast husvære for vaktmeister på vilkår av at helserådet gjev samtykke, at husvære ikkje er i konflikt med faresonene 350 og at støytilhøva er innan ramma fastsett i T-1442.

Kommunalteknisk anlegg, pumpestasjon PS3

Gjeld areal langs vegen Bygda, jf. gjeldande reguleringsplan. I føresegnene §11 pkt. 22 er teke med at tømpestasjon for spillvatn for bilar kan knytast til, jf. bubilar og campingbilar. Maks bebygd areal BYA er 75 %.

Forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål, F/T/F

Arealbruken er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og omfattar:

I område merka "F/T/F" kan nyttast til bygg- og anlegg innan forretning/tenesteyting/fritids- og turistformål. Før utbygging innan området skal det utarbeidast og godkjennast ein detaljplan i samsvar med føresegnene. Planområdet skal inngå i plan for tilgrensande område FRH1.

Som følgje av detaljplan kan formålsgrrensa mellom F/T/F-området og FRH-området endrast.

Bygningar elles skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 7 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8 meter. Samla for området gjeld maks BYA lik 75 %.

Kombinert bruk: Forretning/industri, F/I-1, F/I-2, F/I-3:

Arealbruk:

Innan områda F/I-1 og F/I-2 kan etablerast verksemder med bruksføremål forretning, industri og vegserviceanlegg. I områda skal bygning ha ei gesims- og mønehøgde som ikkje overstig 9 meter. Innan forretningsføremålet kan det ikkje etablerast detaljhandel med daglegvarer, klede og sko. Sal av bygningsmaterialar, møblar, kjøken- og sanitærutstyr mv. kan tillatast. Det kan ikkje tillatast bygg med bruksareal over 5.000 m². Som del av bygning kan det etablerast husvære for vaktmeister på vilkår av at helserådet gjev samtykke, at husvære ikkje er i konflikt med faresonene 350 og at støytilhøva er innan ramma fastsett i T-1442.

Innan område F/I-1 og F/I-2 er maks bebygd areal BYA lik 75 %.

Innan område F/I-3 er maks bebygd areal BYA lik 50 %.

Avgrensing/inndeling av areala:


Dei enkelte delområda har fått ei anna inndeling enn som i gjeldande reguleringsplan. Dette på slik måte at utbygging av tenkt anlegg på Gnr. 91 bnr. 242 kan skje på eitt definert regulert delareal.

Områda F/I-2 og F/I-3 følgjer gjeldande plan etter justering av F/I-1.


F/I-1:

I området kan også etablerast anlegg for produksjon og lagring av hydrogen og oksygen. Anlegget byggast som «containeranlegg», dvs. at dei enkelte produksjonseiningane vert delt opp i modular plassert i containerar tilpassa einingane. Naudsynte ROS-tiltak skal innarbeidast og ferdigstillast før anlegget vert sett i drift.

Anlegget er i hht. TEK 7.3 i faresone <1:5000. Anlegget er føresett plassert og tomtearealet disponert slik at dette er tilpassa. Anlegget er langt så langt mot vest som mogleg for å ha «rom for» ei viss justering/om rokking på vestsida av enkelte produksjonseiningar om behov, jf. vist avstand mellom faresonegrensa/byggegrensa i vest. Vi har såleis «planlagt» oss ut av faresituasjonen ras ved sjølv plasseringa av produksjons- og lageranlegget og vollen.




Teikning L-70-10-01, del av vedlegg 7



Teikning L-70-40-01, del av vedlegg 7

Produksjonsanlegg for hydrogen og oksygen:

No planlagt hydrogenanlegg har ein produksjonskapasitet på inntil 1300 kg hydrogen i døgnet. Det er lagt til grunn lagring av inntil 2 000 kg hydrogen på anlegget. Dette ligg til grunn for Gexcon si Kvantitative risikoanalyse for anlegget og som har leia fram til fastsettinga av omsynssonene knytt til fare kring anlegget. Det er i planprosessen drøfta om produksjon og lagring av oksygen skal inngå i anlegget. Dette er førebels utsett inntil lagringsmengd og verknader på faresoner er nærmare avklara og dokumentert. Generelt gjeld at det ved ev. endring av maks hydrogenmengd og ev. innføring av produksjon og lagring av oksygen på anlegget, så må dette dokumenterast ved ei ny Kvalitativ risikoanalyse og oppdatering av ROS-analysen som del av søknad el. reguleringsendring.



1. Veske til luft kjøler
2. Elektrolysør
3. Kraft container
4. Kompressor
5. Flowtec (H2 distributør)
6. Hydrogen kjøler
7. Høytrykkslager
8. Recab (H2 fyllpanel)

Vassbruk produksjon: Samla dimensjonerande vassforbruk til produksjon og normalforbruk er berekna til ca. 0,4 l/s. Dette tilsvara ca. 4 % av samla kapasitet på leidningsnettet i området, og ca. 2 % av kapasiteten på vassbehandlingsanlegget. Ifølgje opplysningar frå kommunen er det framleis rikeleg restkapasitet i området. Viser til VA-rammeplanen, vedlegg 8.

Straumforbruk: Når samla produksjon frå kraftverka er tilstrekkeleg, er målet at hydrogenfabrikken skal kunne ta ut si merkeyting på inntil 3 MVA. Produksjonen av hydrogen tilpassast til den kapasiteten som er tilgjengeleg i nettet.

Når det gjeld anlegget sin bruk av straum i forhold til ledig kapasitet, viser vi til eige notat frå leverandøren Tindra Nett AS, vedlegg 11.

Ureining: Vi viser til VA-rammeplanen (vedlegg 7) og til eige notat «UTSLIPP HELLESYLT HYDROGEN HUB» (vedlegg 10) om miljøforholda i anleggsfasen og under produksjonsfasen. Potensialet for at anlegget vil påføre naboskapen ureining reknast som null – sett i lys av vernereglane knytt til Korsbrekke Naturreservat. Produksjonen i seg sjølv medfører ikkje ureining, spillvatn (frå arbeidsbrakke) vert ført til kommunalt anlegg, overvatnet innan anlegget/tomta vert ført til lokalt fordrøingsmagasin inne på tomte og infiltrert i grunnen. Berre ved ekstreme situasjonar (som magasinet ev. ikkje er dimensjonert for) vil gje overfløyming med avrenning til sjøen.



Modellbilde av gjerde og støyvoll sett frå sør.

F/I-2 og F/I-3: Ingen endring av arealbruk i høve gjeldande reguleringsplan med unntak av omsynssoner knytt til fare eksplosjon.

Vegetasjonsskjerm, VG:

I område for grønstruktur merka «VG» kan det etablerast grøntområde, jf. gjeldande reguleringsplan. Som del av støy-/sikringsvoll knytt til verksemd innan område F/I-1 skal del av voll inngå på området. Området kan plantast til med vegetasjon tilpassa området og vollen sin funksjon.

Køyreveg, V

Gjeld vegkrysset mellom V11 (Hellesyltvegen) og V4 (Bygda) samt vidareføringa av V4 langs planområdet, jf. gjeldande reguleringsplan. Ingen endringar i høve gjeldande reguleringsplan.

Fortau

Gjeld fortau langs vegen Bygda og langs P7, jf. gjeldande reguleringsplan. Fortauet er 3,5 m eller meir i breidde. Ingen endringar i høve gjeldande reguleringsplan.

Anna trafikkareal

Gjeld grøfteareal langs alle vegar. Ingen endringar i høve gjeldande reguleringsplan.

Anna trafikkareal, grøntareal

Gjeld eit mindre areal i tilknytning til vegkrysset mellom V11 (Hellesyltvegen) og V4 (Bygda). Ingen endringar i høve gjeldande reguleringsplan.

Parkering, P

Det inngår to (2) parkeringsareal i planframlegget. Dette gjeld P-areala P6 og P7 som i gjeldande plan. P6 skal dekkje parkering av personbilar, P7 skal dekkje bussparkering. Ingen endringar i høve gjeldande reguleringsplan.

Bruk og vern av sjø- og vassdrag med tilhøyrande strandlinje

Sjøarealet som inngår i planframlegget er areal som inngår i Korsbrekke naturreservat og som det etablerast omsynssoner i.

Planmessige tiltak i området er at omsynssoner knytt til fare for eksplosjon ved etablering av hydrogen-/oksygenanlegg innan område F/I-1 inngår.

Samt at kommuneplanen sine omsynssoner: Sone med særskilde omsyn: Bevaring av naturmiljø og bandleggingssone: Bandlegging etter lov om naturvern er ført vidare/teke med i planframlegget.

LNRF-areal for naudsynt tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytta næringsverksemdbasert på garden sitt ressursgrunnlag

Oppretthalde som i gjeldande reguleringsplan.

Voll (areala F/I-1 og VG):

Planen viser plassering av senterlinje for voll som skal gjeld ROS-tiltak i forhold til støy og brann/eksplosjon. Vollen si form går fram av vedlegg 7. Vollen er plassert i grensa mellom føremåla F/I-1 og G areala. Dette etter avklaring med kommunen. Vollen er føresett 4 m høg relatert til F/I-1 området si ferdighøgde. På plankartet er vist vollen si avgrensing.

Gjerde og mur er føresett å inngå. Det er i føresegnene lagt inn rom for justering av plasseringa av desse tiltaka. Mur, jf. teikning L-70-40-01 vedlegg 7, skal nyttast som bølgevern på austleg side av vollen. Min høgde er kote +2,8 meter (jf. omtale i notatet «Flomfare og liknande sjø, Hellesylt, Rev C» fig. 8).

Gjerde Areal F/I-1):

Med bakgrunn i ROS-forhold er det lagt til grunn at det må nyttast gjerde rundt F/I-1 arealet. Gjerde vil, der det ikkje er voll måtte ha ei høgde lik 2,5m, jf. vollhøgda. Gjerde kan bli forma som levegg. Der gjerde ikkje er del av/ligg inntil voll er senter gjerder vist på plankartet i avstand 1,5 m frå nabobyte. Det føresetjast at gjerde/levegg byggast på fundament/mur. Høgda på gjerde plassert på voll er 1 m.

Fareområde:

Rasfare:

Det er utført ein gjennomgang av faktagrunnlaget som gjeld for ras med verknad for planområdet. Fagkyndig har konkludert med at dei fastsette grensene i gjeldande reguleringsplan førast vidare i dette planframlegget. Dette er avklara med kommunen og NVE.

Flaumfare:

Klimahøgde/framtidig stormflo høgde: For stormflo høgde i sikkerheitsklasse 3 (TEK) er kote 2,70 NN2000 fastsett i føresegnene. I tillegg kjem verknaden knytt til bølger i kritisk situasjon. Vi har gjort ei konkret vurdering av bølgeverknaden på området F/I-1.

For F/I-1 arealet har vi fastsett lavaste nivå «planert golvhøgde/utomhusareal» lik 3 meter NN2000. Vollen er føresett å ha ei høgde 4 meter over dette planet. Det leggst til grunn at vollen sikrast mot bølgeangrep ved etablering av natursteinsmur som for på vollen si austre side, jf. teikning L-70-40-01 vedlegg 7.

Innan planområdet kan bølgeverknaden variere etter lokalisering av byggearealet mot sjøen, strandsona si helling, type masser på strandsona/overfløymingsarealet samt tilgrensande faktiske snødjupner. I tilknytning til søknad om tiltak legg vi til grunn at det som del av søknad ligg føre nærmare dokumentasjon/utgreiing av bølgeverknaden for aktuelt byggeareal.

Bølgeverknad frå fjellras/-skred i Åkneset: Som avklara i gjeldande reguleringsplan er potensialet for skader som følgje av fjellras/-skred frå Åkneset opp til kote 85.

Omsynssoner (pbl §12-6)

SIKRINGSSONE (pbl. § 11-8 a.1, jf. § 12-6):

Frisiktsone (H140): I vegkryss må frisiktsone ikkje nyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsone skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

STØYSONE (pbl. § 11-8 a.2, jf. § 12-6), Støysoner i samsvar med utarbeidd rapport:

Raud støysone er vist som omsynssone, kode H210. Gul støysone er vist som omsynssone, kode H220.

Støy på fasade for ny bustadbebyggelse skal tilfredsstillе grenseverdier i tabell 2 i T-1442. Dersom bustader/husvære førast opp i gul støysone, skal bebyggelsen ha tilgang til stille side, og tilgang til stille eigna opphaldsareal ute. Minst eitt soverom skal ha åpningsbart vindu mot stille side. Bustadbebyggelse skal ikkje førast opp i raud støysone.

FARESONE (pbl. § 11-8 a.3, jf. § 12-6)

Skredfare (H310, H310-1, H310-2):

Planområde omfatta av fare for skade ved skred er merka med faresone på plankartet, kode H310, delt i område for sikringsklasse for skred i hht rapport frå NGI nr 20140357-01-R. Viser også til skriv frå Åknes/Tafjord Beredskap IKS av datert 20.2.2012

Flaumfare (H320):

Alle område innanfor planen opp til kote 85 NN54 er omfatta av fare for fjellskredgenererte flodbølger frå Åkneset i Storfjorden, og er merka med faresone på plankartet, kode H320. Fareområdet for eit skred med største nominelle årlege sannsyn 1/1000 følgjer kote 35 og er merka på plankartet med faregrense og tekst. Område omfatta av fare for stormflo, areal som ligg under kote 2.70 NN2000, er vist som illustrasjon og følgjer kote 3 med stipla blå strek på plankartet.

Brann og eksplosjonsfare (Vertikalnivå 2: H350-1, 350-2, 350-3, vertikalnivå 3: H350-1-1, 350-2-1, 350-3-1):

Generelt viser vi til «Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap» si avgrensing av lovlege tiltak innan risikosoner med risikokontur frå 10-5 pr. år til utanfor sone med risikokontur pr. år 10-7.

Faresonene H350 vist på plankartet, gjeld for produksjon og lagring på anlegget innan område F/I-1 slik:

Hydrogenanlegg med produksjonskapasitet på inntil 1300 kg hydrogen i døgnet. Det skal til ei kvar tid ikkje vere meir enn 2000 kg hydrogen lagra på anlegget.

Vertikalnivå 2: Gjeld frå grunnivå til kote +7 meter NN2000

Vertikalnivå 3: Gjeld frå kote +7 meter NN2000 og høgare.

Høgspenningsanlegg (H370):

Faresone høgspenningsanlegg knytt til eksisterande linje.

SONE MED ANGITTE SÆRLEGE OMSYN (pbl. § 11-8 c, jf. § 12-6)

Bevaring naturmiljø (H560):

For bevaring av naturmiljø viser vi til FOR-20002-11-08-1235:

«Forskrift om verneplan for havstrand og elveos, Møre og Romsdal, vedlegg 5, freding av Korsbrekke naturreservat, Stranda kommune, Møre og Romsdal». Viser vidare til at tilsvarande bevaring er nedfelt i gjeldande kommuneplan.

BANDLEGGINGSSONE (pbl. § 11-8 d, jf. § 12-6): Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

Bandlegging etter lov om naturvern (H720):

For bandleggingsområdet viser vi til forskrifta FOR-20002-11-08-1235:

«Forskrift om verneplan for havstrand og elveos, Møre og Romsdal, vedlegg 5, freding av Korsbrekke naturreservat, Stranda kommune, Møre og Romsdal». Viser vidare til at tilsvarande bandlegging er nedfelt i gjeldande kommuneplan.

FØRESEGNSSOMRÅDE (pbl §12-7): Utforming. Støy- og sikringsvoll er markert på plankartet med RpBestemmelsesGrense .

For nærmare omtale av omsynssonene viser vi elles til føresegnene.

6.4 Bygningar – høgde

Ingen endringar i hht. gjeldande plan. Dette gjev då:

Område	Gesims- og mønehøgde, jf pbl §29.4 - inntil
Fritidsbebyggelse, FHR	Gesims: 8 m, møne: 9 m
Industri, IND2	Gesims: 8 m, møne: 9 m
Forretning/tenesteyting/fritids- og turistføremål, F/T/F	Gesims: 8 m, møne: 9 m
Forretning/industri, F/I-1	Gesims: 9 m, møne: 9 m
Forretning/industri, F/I-2 og F/I-3	Gesims: 9 m, møne: 9 m

Målereglar i hht. TEK.

6.5 Grad av utnytting

Ingen endringar i hht. gjeldande plan. Dette gjev då:

Område	Grad av utnytting, inntil
Fritidsbebyggelse, FHR	75%
Industri, IND2	50%
Forretning/tenesteyting/fritids- og turistføremål, F/T/F	75%
Forretning/industri, F/I-1	75%
Forretning/industri, F/I-2 og F/I-3	50%

Målereglar i hht TEK.

6.6 Tal arbeidsplassar, m² næringsareal

Samla omfattar områda IND og F/I areala ca. 22,8 daa. Område IND2 er utnytta med ca. ½-del. F/I-2 er i stor grad utbygd. F/I-3 er ikkje bygd ut. Samla tilgjengeleg byggeareal er no ca. 10 daa. Innan område IND2 er ein stor del av det «ledige» arealet utsett for rasfare slik at det er forbod mot utbygging av byggverk i sikkerheitsklasse S2 og S3. Sameleis gjeld for det utbygde området innan F/I-2. Avhengig av type tiltak på området F/I-3 vil tal arbeidsplassar truleg kunne aukast med 5-10 personar på no ikkje utbygd areal.

6.7 Tal bustader, leilegheitsfordeling

I gjeldande plan er det for områda F/I i føresegnene pkt. 12 bokstav g. fastsett:

I områda vert det ikkje gjeve løyve til å føre opp bustadbygg eller bygningar med husvære. Kommunen kan gjere unntak for husvære for vaktmeister og liknande. Dersom helserådet gjev samtykke.

Som følgje av faresoner har vi i planframlegget sine føresegner endra dette til:

- g. I områda vert det ikkje gjeve løyve til å føre opp bustadbygg eller bygning med husvære. Kommunen kan gjere unntak for husvære for vaktmeister og liknande dersom begge vilkåra under er oppfylt:
1. Helserådet gjev samtykke.
 2. At husvære ikkje er i konflikt med bestemmingane knytt til faresonene 350-1/350-1-1 og 350-2/350-2-2 i det aktuelle området.
 3. Støy på fasade for nytt husvære skal tilfredsstillende grenseverdier i tabell 2 i T-1442. Dersom husvære førast opp i gul støysone, skal husvære skal ha tilgang til stille side, og tilgang til stille eigna uteoppholdsareal. Minst eitt soverom skal ha åpningsvindu mot stille side. Husvære skal ikkje førast opp i raud støysone.

6.8 Bustadmiljø

Bustadmiljøet her gjeld fritidsbustader, område FRH1. For denne arealbruken er det ikkje gitt særlege føringar for knytt til bustadmiljøet.

6.9 Parkering

Parkeringsdekning for dei enkelte bruksføremåla skal ikkje vere mindre enn slik det går fram av kommunen si gjeldande vedtekt til pbl § 69. For fritidsbebyggelse, arealet FHR1, er sett krav om 2P-plassar pr bueing.

6.10 Tilknyting til infrastruktur

Vegar:

Alle byggeareala er knytte til off. veg.

Areal	Tilkomst til
F/T/F	Fv60
FHR1	Fv5920
IND2	Fv60, Fv5920, Gamlevegen
P7	Fv5920, Gamlevegen
F/I-1	Gamlevegen
F/I-2	Fv5920, Gamlevegen
F/I-3	Fv5920

OVA-anlegg (overvatn, vassforsyning, avløp/spillvatn):

Vassforsyning: Knyttast til kommunalt vassverk. For å skaffe nok brannvatn etablerast branntank på F/I-1.

Spillvatn: knyttast til eksisterande kommunal leidning.

Overvatn: Det etablerast infiltrasjonsanlegg på F/I-1 området som handterer tilført overvatn.

Viser elles til pkt. 6.26 Plan for vatn/avlaup, tilknyting til off. nett

El-anlegg:

Norwegian Hydrogen AS har bestilt leveranse av El-kraft lik 2,5 MW til forsyning av hydrogenfabrikken i Hellesylt hjå Tindra Nett AS. Tilknyting skjer på vilkår om utkopling eller redusert forbruk, og under føresetnad av at det oppnåast tilfredsstillande spenningsforhold.

Det er ingen termiske flaskehalsar i forsyninga til Hellesylt, og hydrogenfabrikken vil gi betre utnytting av lokal produksjon. Men den nye fabrikken medfører utfordringar knytt til spenning i tørre periodar når kraftverka ikkje produserer. Norconsult jobbar for Tindra Nett med å beskrive ei løysning for å handtere spenningsproblematikken. Dette arbeidet ventast fullført i løpet av november 2022.

Når samla produksjon frå kraftverka er tilstrekkeleg, er målet at hydrogenfabrikken skal kunne ta ut si merkeyting på inntil 3 MVA. Produksjonen av hydrogen må altså tilpassast til den kapasiteten som er tilgjengeleg i nettet.

Norconsult har vidare utarbeidd konsesjonssøknad der Norwegian Hydrogen AS søker etter Energilova av 29.06.1991 § 3-1 om konsesjon til følgjande tiltak:

- 1 stk. prefabrikkert nettstasjon inne på fabrikkområdet
- 22 kV kabelanlegg til likerettaranlegg
- Likerettaranlegg i container på fabrikkområdet

I tilknyting til opp kopling mot nettet vil leverandør installere nye trafoar.


6.11 Trafikkløysing

Trafikkløysinga vart fastsett i gjeldande reguleringsplan for Hellesylt. I den planen er det for område F/I-1 vist avkøyrsløse til Fv5920. Dette arealet er no delt i to – F/I-1 og F/I-3. For F/I-1 er tilkomst no lagt til Gamlevegen medan F/I-3 opprettheld avkøyrsløse til Fv5920.

6.12 Køyretilkomst

For område F/I-1 særskilt:

Noverande kryss mellom Gamlevegen og Fv5920 skal utbetrast slik at krysset kan trafikkerast med buss (jf. seinare etablering av P7 – bussoppstilling retta mot turisme) på god måte. Utbetringa skal vere stilt ferdig før anlegget til Norwegian Hydrogen AS vert teke i bruk, jf rekkjefølgjekrav. Utbetringa skjer innan allereie regulert trafikkareal. Det er i føresegnene teke inn i - § LNRF-areal - at på arealet kan leggst veggroft knytt til offentlig veg, viser elles til PBL §16-2. Saka er avklara med kommunen og konkretisert i eiga avtale mellom Stranda kommune og Norwegian Hydrogen AS.



Etter løysinga er køyremåte B lagt til grunn for Fv5920 og køyremåte C for Gamlevegen. Trafikkmengdene på desse vegane er små og det kan ikkje påreknast nemnande konfliktar mellom møtande køyretøy.

Etter dagens trafikk har fv5920 ÅDT 180 og for Gamlevegen er trafikktalet stipulert til ÅDT 75 når anlegget til Norwegian Hydrogen AS og bussparkeringa P7 er etablert. (Bussar/lastebilar: ÅDT ca. 40, privatbilar: ÅDT ca. 35). Sum ca. ÅDT 75.

Løysinga er avklara gjennom dialog med MR fylke.

6.13 Utforming av vegar

Vegplassering og standarden til vegar er ikkje endra i planframlegget, dvs. gjeldande reguleringsplan sine trasear og krav gjeld. For vårt planområde er normal vegbreidde (i tillegg kjem utviding som følgje av vegkurvatur og kryssutforming, jf. N100):

Fv5920: vegbreidd 6,25m. Gamlevegen: vegbreidd 6,50m. Fortau: min. vegbreidd 3,50m.

Det var semje mellom kommunen og fylke i samband med handsaminga av no gjeldande områdereuleringsplan at området IND2 skulle regulerast som industriområde heilt ut til regulert vegkant. Dette i fordi parkeringsarealet til utbygginga på området ligg langs bygget mot fv5920. Dette er oppretthalde i planframlegget no. Elles er det teke omsyn til fylke sitt ønske om å setje av sideareal i samsvar med N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr.

6.14 Krav til samtidig opparbeiding

Krav om samtidig opparbeiding er berre knytt til område F/I-1. Dette gjeld utbetring av krysset Gamlevegen/fv5920 samt del av Gamlevegen elles. Det skal utarbeidast eiga avtale mellom Stranda kommune og Norwegian Hydrogen AS som sikrar gjennomføringa. Elles følgjer det av føresegnene at ei rekkje forhold skal takast omsyn til/gjennomførast i tilknytning til byggetiltak – i hovudsak knytt til ROS-tiltak. Viser til pkt.a 6.28 og 6.30 under samt til føresegnene.

6.15 Varelevering

Varelevering til/frå dei enkelte delareala må dimensjonerast for i dei enkelte delområda sine avkøyrslar. Med bakgrunn i avtalen mellom Stranda kommune og Norwegian Hydrogen AS om utbetring av krysset Gamlevegen/fv5920, så er det i utbetringa lagt til grunn buss som dimensjonerande køyretøy (jf. P7). Norwegian Hydrogen vil berre trafikkere sitt areal med lastebilar.

6.16 Tilgjengelegheit for gåande/syklande

Planframlegget endrar ikkje på trafikkkløysinga i gjeldande plan. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram nye føresetnader som ev. skulle medføre endringar. Planen viser bredt fortau lang fv5920 og breidd fortau langs P7.

6.17 Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold

I planframlegget er det ikkje vist felles tilkomstvegar utanom offentlege vegar. Dei enkelte byggeareala er eigd av private føretak/personar.

6.18 Planlagde offentlege anlegg

Parkeringsplassane o_P6 og o_P7 inngår i planframlegget (i samsvar med gjeldande plan). I tillegg er vist område for pumpestasjon mv. o_PS3. Etter avklaring med kommunen er arealet noko utvida i forhold til i gjeldande plan. Dette for å få plass til containerar for oppsamling av avfall frå fritidsbustader med abonnement.

6.19 Miljøoppfølging

Vi har i planarbeidet hatt fokus på miljøverknader som følgje av etableringa av hydrogen- og oksygen anlegget innan område F/I-1. Gjennom analysar og konkrete tiltak har vi i planframlegget (føresegnene) teke med bestemmingar som sikra at miljøforhold knytt til støy, utslepp, sikring av bygningar/anlegg i høve grunnforhold, stormflo og bølgeverknad, ras- og trafikkale forhold mv. for å hindre skader som følgje av ev. miljøverknader. Vi har hatt særskild aktsemd knytt til Korsbrekke naturreservat. Både «VA-rammeplanen» og «Notat utslipp Hellesylt Hydrogen HUB» har vurdert ureiningspotensiale både ved bygging av anlegget og ved drift av anlegget. Avdekka planmessige behov for tiltak er innarbeidd i planframlegget, jf. føresegnene.

6.20 Universell utforming

Tiltak innan planområdet kan alle tilpassast universell utforming i den grad dette krevst.

6.21 Opphaldsareal ute

I planframlegget er det ikkje sett av særskilde areal til leik eller aktivitetar opp mot born og unge. Så langt vi kan sjå medfører ikkje planframlegget endring av arealbruk eller vilkår knytt til born- og unge av vesentleg betydning. Arealbruken i gjeldande plan er vidareført og naudsynte omsyn knytt til tenkt anlegg på F/I-1 (hydrogenproduksjon samt lagring), er gjennom ROS-tiltaka ivaretekne.

6.22 Landbruksfaglege vurderingar

Innan planområdet er der to (2) LNRF-areal. Dette er ei vidareføring i hht. gjeldande plan. Vi har ikkje, med bakgrunn i gjeldande reguleringsplan og gjeldande kommuneplan set behov for eiga landbruksfagleg utgreiing no.

6.23 Kollektivtilbod

Innan planområdet er det sett av, som i gjeldande plan, eit område P7 for bussoppstilling. I hht. gjeldande plan si omtale, så er dette først og fremst tenkt som tiltak opp mot turismen i Hellesylt. Så langt vi kjenner til er det ikkje no aktuelt å nytte P7 som del av kollektivrutenettet. Viser elles til gjeldande plan som har busslomme ved skulen.

6.24 Kulturminne


Innan planområdet er det ikkje registrert kulturminne.

6.25 Sosial infrastruktur


Fv5920 med tilhøyrande fortau inngår som ein viktig transport- og ferdselsåre mellom sentrum og idrettsanlegget. Det er difor lagt vekt på at tiltaka knytt til utbygginga av hydrogen- og oksygenanlegget er tiltalende og – så langt råd – med grøn profil.

6.26 Plan for vatn/avlaup, tilknytning til off. nett, jf. kommunen si VA-norm

Etter kommunen si VA-norm skal det som del av framlegg til reguleringsplan utarbeidast ein VA-rammeplan som del av plandokumenta. Vi viser til slik utarbeidd VA-rammeplan, jf. vedlegg 8. I dette dokumentet er vist ei VA-løysing som stettar krava til vassforsyning (produksjonsvatn og brannvatn), vidareføring av spillvatnet til kommunalt nett og handsaming av overvatnet. Planen er drøfta og avklara med kommunen.



Eksisterande ledningsnett



OVA-plan, teikning z-01 i VA-Rammeplanen (utbygging og tilknytning).

Vassforsyning/-forbruk:

Samla dimensjonerende vassforbruk til produksjon og normalforbruk er berekna til ca. 0,4 l/s. Hovudforsyning inn i området er med VL 110 PVC. Denne forsynast frå høgdebasseng kote 175, via trykkreduksjonar slik at statisk trykk i området er 70mvs. Stranda kommune anslår at systemet kan levere opp til 10l/s før resttrykket blir kritisk i forhold til andre delar av nettet.

For brannvatn er det i utgangspunktet krava i plan og bygningslova og Byggteknisk forskrift (TEK17) som er styrande. I TEK17 er det som preakseptert yting krav til minst 3000 l/min (tilsvarande 50 l/s) som brannvassmengde for industriområde. Estimert sløkkevassmengde frå nettet er i dagens situasjon så langt under preaksepterte krav at det er nødvendig å supplere manglande kapasitet med lokale tankar, basseng e.l. Dette systemet må ha minst ein time tappekapasitet. I tillegg må pumper må ha sikker driftsforsyning ved straumbrot e.l. Medrekna forsyninga frå kommunalt nett må det då etablerast brannvasstank med tilhøyrande pumpeanlegg som kan levere inntil 40 l/s i minst ein time. Tankkapasiteten vil da ut frå dette bli ca. 150 m³. Vidare detaljering av anlegget må gjerast i ved prosjektering.

Avløp/Spillvatn:

Frå Norwegian Hydrogen er det opplyst av maksimal avløpsmengde frå produksjonsanlegget med planlagt kapasitet er 600 l/t, tilsvarende maks 0,17 l/s. Mengda vil variere frå 0 til 0,17l/s.

Vatnet er restprodukt etter hydrogenproduksjonen. Der har det og har gått gjennom integrert vann reinsing i anlegget og skal vere kjemisk reint. Vidare reinsing før påslepp på kommunalt avløpsnett er ikkje nødvendig.

I tillegg kjem avløpsmengde frå garderbodeanlegget, som er berekna på same måte som vassforbruk, ref. kap. 3.2. Med $f_{maks} = 3$ og $k_{maks} = 4$ gjev dette ein $Q_{maks,time} = 0,06$ l/s. Samla dimensjonerande avløpsmengde frå produksjon og anna avløp er berekna til 0,23 l/s. Det er veldig små avløpsmengder frå anlegget. Dette kan førast til kommunalt nett med stikkledning basert på sjølvfall, og vil deretter gå til pumpestasjon. Om det skulle vere for lite fall tilgjengeleg må ny stikkledning førast inn til pumpestasjonen. Samla dimensjonerande avløpsmengde frå produksjon og anna avløp er berekna til 0,23 l/s. Det går i dag eit avløpssystem gjennom området med kommunal sjølvfallsledning 160 PVC. Denne er i bruk for avløp frå næringsområdet lenger aust og klubbhus/garderobeanlegg ved fotballbanen.

Kapasiteten i dagens system er hovudsakleg styrt av pumpestasjonen. Denne er opplyst til å ha ein anslått kapasitet på ca. 10 l/s. Dagens belastning er ikkje opplyst, men det er antatt at det er god restkapasitet. Stasjonen ligg i umiddelbar nærleik til anleggsområdet.

Overvatn:

Utfordringa for handtering av overvatnet er knytt til vernet av Korsbrekke naturreservat. For å unngå risiko for partikkel- eller tungmetall-forureining gjennom oppstuving og avrenning av overflatevatn mot naturreservatet som følgje av endra avrenningssituasjon, viser VA-rammeplanen at fordrøying og infiltrasjon nyttast for handtering av overvatn. Systemet dimensjonerast for min. 200-års hending som berekna i VA-rammeplanen kapittel 5.2. Dette er og i h.h.t. fareklassar og sikring av bygg i TEK17. (Viser elles til ev. endring av krav som følgje av nedbørsregime og endra ekstremnedbørsmengder). Anlegget kan utformast på ulike vis. Systemet for fordrøying kan utformast anten med magasin med lukka volum, eller magasin med opent volum. Viser til nærmare omtale s. 13 i VA-rammeplanen, vedlegg 8.


6.27 Plan for avfallshenting

For byggeområda er ingen særskilde tiltak er lagt inn i framlegget. Den kommunale renovasjonsordninga er føresett å fungere for desse areala i hht. til ei kvar tid gjeldande ordning. Når det gjeld fritidsbusetnaden er det i føresegnene teke inn at avfallscontainer tilhøyrande den kommunale renovasjonsordninga kan plasserast på område PS.


6.28 Støysoner

Det er utarbeidd ein eigen rapport der støysituasjonen er nærmare vurdert ved etablering av hydrogenanlegget, jf. vedlegg 6.

Utrekningane er konkretisert i 2 stk.kartvedlegg som følgjer rapporten:



Nattmidla støynivå



Døgnmidla støynivå

Utrekna støygrenser er lagt inn på plankartet med omsynssone H220 for raud sone og H210 for gul sone i samsvar med T-1442.

Følgjande bestemmingar er teke med i føresegnene:

Gul støysone er vist som omsynssone, kode H220-1. Raud støysone er vist som omsynssone, kode H220-2.

Støy på fasade for ny bustadbebyggelse skal tilfredsstille grenseverdier i tabell 2 i T-1442.

Dersom bustader/husvære førast opp i gul støysone, skal bebyggelsen ha tilgang til stille side, og tilgang til stille eigna opphaldsareal ute.

Minst eitt soverom skal ha åpningsbart vindu mot stille side.

Bustadbebyggelse skal ikkje førast opp i raud støysone.

Vilkår knytt til etablering av vaktmeisterbustad i sonene er fastsett i føresegnene.

6.29 ROS-forhold

Viser til ROS-analysen, dokument 4. Her følgjer kort utdrag.

Vurdering av sårbarheit:

- Skredfare bratt terreng
- Skredgenerert flodbølge Åkneset
- Ustabil grunn
- Havnivåstigning, stormflo og bølgeverknad
- Ekstremnedbør
- Skog-/ lyngbrann
- Brann/ eksplosjon ved industrianlegg
- Akutt forureining
- Transport av farleg gods

- Sløkkevatn for brannvesenet
- Tilsikta handlingar

6.29.1 Skredfare bratt terreng

«Det er utarbeidet og gjort vurderinger både av NGI og Åknes Tafjord Beredskap (ÅTB). NGI utarbeidet en rapport i 2010 (NGI 20100388-00-4-R). ÅTB har utarbeidet en rapport datert 29.11.2011 som er benyttet i gjeldende reguleringsplan i området. I e-post dialog mellom kommunen og Norconsults ingeniørgeologer er det konkludert med at sonene som fremgår av ÅTBs vurdering er de som er gjeldende for området».

Same grunnlag er nytta i gjeldande plan – først vidare i planframlegget.

6.29.2 Skredgenerert flodbølge Åkneset

«Som gjennomgangen i tabell 4-1 viser, vurderes planområdet å tilfredsstille kravene som stilles i TEK 17 § 7-4 og området vil kunne bygges ut selv om det kan bli rammet av en stor flodbølge dersom fjellpartiet Åkneset raser ut. Planområdet kan ikke vurderes på en annen måte enn å være moderat sårbart (iht. kriteriene for sårbarhet i denne ROS-analysen) overfor temaet gitt konsekvensene for Hellesylt ved en slik hendelse, men det er likevel en sårbarhet som vurderes å være akseptabel. Det gjennomføres derfor ikke en spesifikk hendelsesbasert risikoanalyse for dette temaet».

Bestemmingar knytt til flodbølgje i gjeldande plan først vidare i planframlegget.

6.29.3 Ustabil grunn

«På bakgrunn av de utførte geotekniske undersøkelser og vurderingene vurderes planområdet som lite til moderat sårbart overfor ustabil grunn».

Fundamentering i varetar opptredande grunnforhold.

6.29.4 Havnivåstigning, stormflo og bølgeverknad

«Konklusjonen i den omtalte studien av flomfare fra sjøen er følgende:

- Golvnivå for bygninger i fabrikkområdet på 2.7 m NN2000 vil sikre mot flom fra stormflo i hht TEK17 Flomklasse F2.
- Den foreslåtte beskyttelsesvollen vil sikre mot bølgeflom fra østlig retning.
- Revegetering av vollen og gjerdet på toppen av natursteinsmuren gir tilstrekkelig sikring mot nedfall, og gir trygghet for publikum mellom vegen og natursteinsmuren
- Vern mot bølgeflom fra sør, dvs over nabotomta, er uavklart fordi data mangler. Behovet må avklares. Vern kan eventuelt utformes som en enkel mur i betong eller naturstein.
- Utbygger foreslår å flytte kjøreadkomst fra østsiden (mot sjøen) til vestsiden. Denne løsningen er den eneste mulige, fordi vegen på vestsiden vil være oversvømt både ved ekstrem stormflo og ved mer moderate hendelser. 5 års flom i 2022 er 154 cm NN2000, dvs 4 cm over vegbanen. Flom på denne vegen vil hindre adkomst av nødetater, vanlig transport og evakuering.
- Anlegget ligger i elveosen fra Bygdaelva, og flomnivå i elva kan derfor neglisjeres. Det er stormflo i sjøen som avgjør dimensjonerende vann-nivå.
- Flom som følge av skred i sjøen er ikke vurdert her»

Krav til golvnivå, sikring av voll mot bølgeverknad og tilkomst til tomta sikrast i framlegget til plan.

6.29.5 Ekstremnedbør

«Anlegget som planlegges vil være modulbaserte containere, men det forutsettes at nødvendig overvannsanlegg innenfor tiltaksgrensen dimensjoneres for å kunne håndtere forventet nedbørsøkning og klimapåslag. Planområdet vurderes som lite til moderat sårbart».

Viser til VA-rammeplan, vedlegg 8, som tek i vare overvatnet.

6.29.6 Skog-/ lyngbrann

«Skogområdene ligger såpass langt unna at anleggsarbeid på området ikke representerer en fare for skogbrann i området. Videre vil det være en viss sårbarhet dersom det oppstår skogbrann i området og det er sterk vind i retning planområdet. Det bør derfor etableres beredskapsplaner ved anlegget hvor en slik hendelse inngår. Likefult vurderes sårbarheten for temaet samlet å være liten til moderat for planområdet».

Ingen særskilde tiltak i planframlegget.

6.29.7 Risiko knytt til brann/eksplosjon ved industrianlegg

Gexcon AS har utarbeidd ei Kvantitativ risikoanalyse som grunnlag for ROS-vurderinga, jf. vedlegg 9 og dokument 4.

Gexcon:

Hydrogenanlegget har ein produksjonskapasitet på 1300 kg hydrogen i døgnet. Det vil til ei kvar tid ikkje vere meir enn 2000 kg hydrogen lagra på anlegget.

Den kvantitative analysa har rekna ut risikosoner basert på ei modellering av anlegg og voll. Sonene kalla indre sone, midtre sone og ytre sone dannar sonene i planframlegget kalla 350-1 (risikokontur innanfor 10^{-5} , 350-2 (risikokontur mellom 10^{-5} – 10^{-6}) og 350-3 (risikokontur 10^{-6} - 10^{-7}) som er faresoner. Omtalen under vedkomande tiltak som kan etablerast innan dei ulike sonene er henta frå DSB sin rettleiar om storulykkesverksemd.

Analysen er nærmare vurdert og kommentert i ROS-analysen dokument 4.

Utdrag frå ROS-analysen pkt. 4.3.7 sidene 27 og 28:

Bortsett fra arealet på den nordlige siden, som ønskes benyttet som parkeringsplass, ligger alle andre objekter og arealer i nærområdet med tilstrekkelig sikkerhet til anlegget iht. DSBs hensynssoner. Gexcon har derfor sett nærmere på arealene som ønskes benyttes til parkeringsplass og blant annet vurdert effekter av voll som er planlagt etablert mot dette arealet. Her konkluderes det med:

Effekt av voll er særlig relevant for området nordvest for anlegget, som ønskes benyttet som parkeringsplass. Her vurderes det at vollen vil gi effektiv beskyttelse mot gasspredning og brann for tredjepart som befinner seg på bakkenivå. Effekt på eksplosjonstrykk er noe mer usikker, spesielt med tanke på detonasjon. (Simuleringer i FLACS, som kun modellerer deflagrasjon, indikerer at trykknivået bak vollen vil være betydelig redusert, men at det fortsatt kan forekomme vesentlige trykkbølger nær bakken.)


I arbeidet er det også gjort flere simuleringer og vurderinger for å se på sikringsvollens effekt på arealet lokalisert bak denne (grøntareal og en mindre del av parkeringsplass). Simuleringene viser at det fra bakken og fire meter opp i vertikal retning så vil risikokonturen for indre sone 10^{-5} kunne legges nærmere vollen og utenfor parkeringsarealet. Effekten kommer fra den nevnte sikringsvollen, noe som gjør at den er mer begrenset oppover i vertikal retning, der effekten av vollen avtar. Sonene som fremgår av figur 4-7 er derfor

gjeldende fra kote +3, som anlegget etableres på og 4 meter opp i luften. Dette medføre at parkeringsarealene kan benyttes som tiltenkt.

Klipp frå Gexcon AS si analyse:

- **Indre sone (innenfor 10^{-5} per år risikokontur)**
Dette er i utgangspunktet virksomhetens eget område. I tillegg til eget anleggsområde kan for eksempel LNF-områder (landbruks-, natur- og friluftsområder) inngå i indre sone. Kun kortvarig forbipassering for tredjeperson (turveier etc.) er tillatt.
- **Midtre sone (mellom 10^{-5} per år og 10^{-6} per år risikokontur)**
Offentlig vei, jernbane, kai og liknende. Faste arbeidsplasser innen industri- og kontorvirksomhet kan også ligge her. I denne sonen skal det ikke være overnatting eller boliger. Spredt boligbebyggelse kan aksepteres i enkelte tilfeller.
- **Ytre sone (mellom 10^{-6} per år og 10^{-7} per år risikokontur)**
Områder regulert for boligformål og annen bruk av den allmenne befolkningen kan inngå i ytre sone, herunder butikker og mindre overnattingssteder.
- **Utenfor ytre sone (utenfor 10^{-7} per år risikokontur)**
Skoler, barnehager, sykehjem, sykehus og lignende institusjoner, kjøpesentra, hoteller eller store publikumsarenaer må normalt plasseres utenfor ytre sone.

Rapporten pkt. 4.1 side 21




Rapporten pkt. 4.2 side 22

I planframlegget er faresoner lagt inn i hht. utrekna risikosoner og med avgrensa bruk i hht. DSB sin rettleiar om storulykkesverksemd for dei berørte areala. For å konkretisere risikosonene i samsvar med tiltaka i planframlegget er berekningane som vist i fig. 10 i Gexcon si utrekning lagt til grunn for vertikalnivå 2 (på grunnen). Desse risikolinjene gjeld då frå grunnen og opp til kote +7. Berekningane som vist i fig. 9 gjeld frå kote +7 og over. Bestemmingane knytt til dei samsvarande sonene er lik.

Som illustrasjon under er vist risikolinjene i dei to aktuelle situasjonane. For å gjere linjene meir lesbare relatert til underliggande arealbruk, er arealbruken på vertikalnivå 2 (på grunnen) lagt under i begge situasjonar.

Under: Risikosoner etter fig. 10 i Gexcon sin rapport. I planframlegget vist på plankart vertikalnivå 2 (grunnen). Viktig her er at 10^{-5} risikokonturen ikkje går inn på parkeringsplassen o_P7. Risikokonturane gjeld her frå grunnen til kote +7.

Under: Risikokonturar etter fig. 10 i Gexcon sin rapport. I planframlegget vist på plankart vertikalnivå 2 (grunnen). Viktig her er at 10^{-5} risikokonturen ikkje går inn på parkeringsplassen o_P7. Risikokonturane gjeld frå grunnen til kote +7.



Risikokontur 10^{-5} (orange farge), kontur 10^{-6} (gul farge), kontur 10^{-7} (grøn farge).

Risikokontur 10^{-5} (orange farge), kontur 10^{-6} (gul farge), kontur 10^{-7} (grøn farge).

6.29.8 Akutt forureining

«Det eneste flytende stoffet som vil forflyttes mellom moduler i anlegget er etylenglykol som benyttes i kjølingen av kraftcontainer. Ved brudd på rørledningen mellom væske-til luft-kjøler og kraftcontainer vil det bli et trykkfall i systemet. Et slikt trykkfall vil medføre at systemet stenger ned og dermed begrense det mulige utslippet fra anlegget til å omfatte kun den væsken som er i røret mellom containerne. Etylenglykol er et lett nedbrytbart produkt og utslippet vil ha begrenset utbredelse inne på anleggets område.

Planområdet vurderes som lite sårbart overfor akutt utslipp».

Tiltak for å hindre forureining til tilgrensande område er innarbeidd i planframlegget, jf. føresegner.

6.29.9 Transport av farleg gods

«Planområdet vurderes som moderat sårbart for hendelser med transport av farlig gods. Det gjennomføres dermed en hendelsesbasert risikoanalyse, se vedlegg 1».

Vedlegg 1:

Oppsummering:

	Sannsynlighet					Konsekvens					Risiko		
Verdi	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5			
Liv og helse		x							x			x	
Stabilitet		x							x			x	
Materielle verdier		x						x				x	

Tiltak: Etablere en forsvarlig risikostyring og beredskap ved virksomheten i forbindelse med aktiviteter som innebærer transport av farlig gods.

6.29.10 Sløkkevatn for brannvesenet

I henhold til gjeldende krav i TEK skal det til industrianlegg som dette være en brannvannsforsyning på minimum 50 l/sek. Stranda kommune har i en tidlig fase av planarbeidet opplyst at det ikke er så stor kapasitet i distribusjonsnettet i Hellesylt. Altså vil ikke kommunen kunne være i stand til å levere minimumskrav for brannvann til planområdet.

Norwegian Hydrogen vil derfor som en del av tiltaket etablere egen tank for å ivareta nødvendig brannvannsforsyning. Denne vil bli detaljprosjektert på et senere tidspunkt, men det legges til grunn at dette skjer i dialog med lokalt brannvesen og at tilkoblinger mv. tilpasses brannvesenets utstyr. På bakgrunn av dette tiltaket fra Norwegian Hydrogen sin side vurderes planområdet som lite sårbart overfor temaet.

I gjeldende føresegner heiter det at «Eigar av bygg må sjølv syte for tilførsel av sløkkevatn over behov på 50 l/sek.».

Dette er i føresegnene endra til: Eigar av bygg må sjølv syte for tilførsel av sløkkevatn ut over kommunal kapasitet.

6.29.11 Tilsikta handlingar

«Virksomheter som skal handtere farlig stoff, skal også gjennomføre sikringsrisikoanalyse av tilsiktede handlingar. DSB har utarbeidet en veiledning for arbeidet, som er et verktøy for å vurdere risikoen for at farlige stoffer misbrukes på stedet, eller kommer på avveie og havner i urette hender. Ved høy risiko må risikoreduserende tiltak iverksettes. Det legges til grunn at dette utarbeides for anlegget.

Planområdet vurderes som lite til moderat sårbart overfor temaet».

I planframlegget er teke med sikring av anlegget med gjerde, jf føresegnene og illustrasjonsplan, vedlegg 8. Elles ingen særskilde tiltak teke med.

6.30 Avbøtande tiltak/ kompensierende tiltak på ROS forhold

Følgjande avbøtande tiltak er lagt inn i planframlegget, sjå elles ROS-analysen pkt. 5.2 Oppsummering tiltak:

Område F/I-1:

- Eksisterande faresoner for skred og bestemningar knytt til skredgenerert flodbølge vidareførast frå gjeldande plan. Anlegget er plassert innanfor «sikker faresone» gjeldande denne typen anlegg, jf. potensiell rasfare
- Hydrogenanlegget må tilfredsstille sikkerheitsklasse S3 og etablerast utanfor eksisterande faresoner for skred med gjennntaksintervall 1/5000
- Fundamentering av anlegget ivaretek opptredande masser/berg mv.
- Planert byggeområde på F/I-1 området (for anlegget) planerast til ei kotehøgde på 3,0 meter NN2000 for anlegget.
- Det etablerast sikringsvoll, jf. demping av støy, sikring mot fare for brann og eksplosjon og sikring mot bølgeverknader. Vollen revegeterast og sikrast med flettverksgjerde. Øvrig sikring mot flaum frå nordaust er ikkje nødvendig. Som sikring mot bølger frå søraust må det byggast ein voll eller mur opp til høgde +2.8 meter NN2000, eller tilsvarande høgde av terreng.
- Det etablerast sikringsgjerde m.o.t. 3. personssikkerheit.
- Eigne interne tiltak for handtering av overvatn ved infiltrasjon i grunnen. Dimensjonerast i hht. forventa endringar i nedbørsregime også venta ekstremnedbørsmengder.
- Faresoner identifisert i Gexcon si kvantitative risikoanalyse (ref. 1.5.2) etablerast som hensynssoner i reguleringsplanen med tilhøyrande bestemningar. Areal som kjem inn under faresonene 10^{-4} og 10^{-5} inkluderast i anlegget sitt eige område, nyttast ikkje til offentleg parkering.
- Tilstrekkeleg brannberedskap etablerast ved å supplere kommunal vasstilførsel med eiga lokal løysing (tank).

ROS-analysen pkt. 5.2 inneheld elles nokre tiltak som ikkje konkret er nedfelt i framlegget til reguleringsplan, men som følgjast opp gjennom verksemda sin driftsplan. Dette gjeld m.a. transport av farleg gods, tilsikta handlingar, kraftforsyning og vassforsyning.

6.31 Rekkjefølgjebestemningar

I rekkjefølgjebestemmingane er det teke med forhold knytt til dei endringane/tillegga som knyter seg til område F/I-1. Vi viser til føresegnene for full omtale. Hovudelement, jf. m.a. ROS-forhold og sikring av Korsbrekke naturreservat:

- Utbetring av krysset mellom Fv5920 og den kommunale vegen «Gamlevegen».
- Ved etablering av anlegg for produksjon og lagring av hydrogen innan F/I-1 området skal:
 - Det etablerast sikringsvoll for demping av støy, sikring mot fare for brann og eksplosjon og sikring mot bølgeverknader frå austleg retning.

- Det skal etablerast sikringsgjerde m.o.t. 3. persons sikkerheit.
- Tilstrekkeleg brannberedskap skal etablerast
- Etablerast interne tiltak for handtering av overvatn ved infiltrasjon i grunnen. Anlegget dimensjonerast i hh.t. forventa endringar i nedbørsregime og venta ekstremnedbørsmengder

Ovannemnde tiltak skal vere stilt ferdig før hydrogen- og oksygenanlegget setjast i produksjon.

- Som vernetiltak for sikring mot mogleg avrenning av forureinande stoff skal det i anleggsfasen:
 - gjennomførast løpande oppsamling av plast og evt. annet avfall i massane
 - etablerast grøft, i aksen som grenser mot Fylkesvegen og Korsbrekke naturreservat, som fangar opp eventuell plast og partiklar
 - leggst ut siltgardin i sjøen ved behov for transport av masser langs Fylkesvegen
 - masser vatnast ved behov for å hindre støv

7 Konsekvensutgreiing

7.1 Samandrag

Så langt vi kan sjå vil ikkje planendringa gjeldande område F/I-1 ha vesentlege verknader på klima- og miljøforhold, ressursar, ulykkesforhold, barn og unge, arkitektur, tekniske og økonomiske forhold.

For klima- og miljøtema er konsekvensgraden vurdert til 0 eller betre. For ressursar, ulykke, barn og unge, arkitektur er konsekvensgraden også vurdert til 0 eller betre med unnatak av for Beredskap og ulykkesrisiko - der vurderinga er gitt konsekvensgrad - (eitt minus), grunna ev. risiko knytt til transport til /frå anlegget. Som tiltak visast til etablering av ei forsvarleg risikostyring og beredskap ved verksemda i tilknytning til aktivitetar som medfører transport av farleg gods, jf. og forskriftsmessige krav.

Det er innarbeidd tiltak med føresetnader for utbygging av hydrogenanlegget som gjer til at forskriftsmessige vilkår er oppfylt og at potensialet for ikkje ønska verknader er liten. Så langt vi kan sjå er alle utsjekka verknader teke omsyn til i plankrava. Vi legg elles til grunn at forskriftsmessige krav knytt til drift av sjølve anlegget og til transport til/frå anlegget skjer i samsvar med vilkår gjeldande for dei enkelte innsatsfaktorane.

I KU-vurderinga har vi lagt til grunn dagens status for utbyggingsområdet gnr. 91 br.nr. 174 og 242. Det er dei føreslåtte planendringane innan dette området som ligg til grunn for KU-utgreiinga. Vi viser elles til allereie avklara arealbruk fastsett i gjeldande reguleringsplan.

7.2 Omtale av tiltaket, planmessig grunnlag for utgreiinga

Omtalen i konsekvensutgreiinga knyter seg til den planendringa som no vert fremja for dei tidlegare regulerte områda o_VG, F/I-1 og F/I-2. For resterande areal som inngår i planframlegget er både arealbruk og føresegnar ikkje endra, med unnatak av at det er lagt inn faresoner knytt til eksplosjon på deler av areala og at det for «anna trafikkareal» er lagt inn ei større breidde (4,5 m) langs Fv 5920 grunna nye krav i statens vegvesen si handbok N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr. Konsekvensutgreiinga er såleis avgrensa til å omfatte ev. verknader som følgje av at planframlegget no tillèt etablering av anlegg for produksjon av hydrogen samt lagring av komprimert volum på anlegget. Konsekvensar som måtte kome som følgje av gjennomføring av gjeldande reguleringsplan ser vi som avklara.

Tiltaket/planendringa er vurdert å være KU-pliktig i.h.t. Forskrift om konsekvensutredning pga. etablering av eit produksjonsanlegg for eksplosjonsfarleg stoff. Der er stort sett dette farepotensiale av anlegget som utløyser KU. Tiltaket sitt omfang er svært avgrensa i storleik, slik at vedlegg I ikkje kjem til bruk og ikkje utløyser krav om planprogram, jf. Planinitiativet vedlagt forvarslinga av planarbeidet.

Hydrogenanlegget, som er planlagt etablert på aktuelt forretnings- og industriområde på gnr. 91 bnr. 242, vil ha ein døgnproduksjon av hydrogen på inntil 1,3 tonn komprimert hydrogen. Det vil til ei kvar tid ikkje vere lagra meir enn 2 tonn hydrogen på anlegget

Konsekvensane ved tiltaket er vurdert i hht. forskrifta sin §21 og då slik at omfang avgrensast i hht. §10.

Forhold knytt til naturmangfaldet og då særleg ev. verknader på Korsbrekke naturreservat står sentralt. Dette som følgje av forskrifta «Forskrift om verneplan for havstrand og elveos, Møre og Romsdal, vedlegg 5, freding av Korsbrekke naturreservat, Stranda kommune, Møre og Romsdal» sine vernereglar. Verknader knytt til naturmangfald, økosystem, verneområdet og vassmiljøet/vassforskrifta §12 vert vurdert samla.

For å gje betre oversikt over forureiningspotensialet og naturmangfaldet er temaet forureining omtala først og før naturmangfaldet.

Som grunnlag for utgreiinga er dokument som følgjer denne planen og off. databasar nytta. Vi viser generelt til gjeldande reguleringsplan sine tilhøyrande dokument.

Utgreiinga tar utgangspunkt i metodikken i «Veileder M-1941 – Konsekvensutredninger for klima og miljø» som er utarbeidd av Miljødirektoratet. Elles er positive, negative, direkte, indirekte, midlertidige, varige, kortsiktige og langsiktige verknader søkt omtala i den grad slike ligg føre. Vi viser elles til vedlagde temautgreiingar.

Arbeidet med lokalisering av eit hydrogenanlegg starta i 2020 med utgreiing av ulike lokasjonar for etablering av eit produksjonsanlegg. Fleire lokalitetar i tilknytning til nærliggande kraftstasjonar (t.d. i området Tryggestad og i Sunnylvsbygda) vart vurdert. Vurderingane og drøftingane enda med at eigedomen gnr. 91 bnr. 174 var einaste reelle alternativ.

På slik bakgrunn er der no berre eitt alternativ for lokalisering av hydrogenanlegg for lokal produksjon knytt til Hellesyltområdet.

7.3 Forhold ved tiltaket som kan ha verknader

I Planinitiativet pkt. I er gjort ei vurdering av om planen er omfatta av forskrift om **konsekvensutgreiing vedlegg I**. Etter gjennomgang kom vi til at følgjande var aktuelle tema :

* Pkt. 3c Lagring av naturgass på jordoverflata

Her: Hydrogen reknast ikkje som naturgass. Likevel lagrast gassen (hydrogen) på jordoverflata. Eksplosjonsfare er like aktuelt for hydrogen som for naturgass. Ut frå beslekta konsekvensar vurderast temaet som aktuelt, sjølv om punktet er relatert til «naturgass».

* Pkt. 6a og c Behandling av halvfabrikata og produksjon av kjemikalier. Lagringsanlegg for olje, samt petrokjemiske og kjemiske produkt.

Her: Anlegget produserer hydrogen, som lagrast på staden før den transporterast til mottakar.

Det visast til pkt. 3c der dette temaet utgreias

Sameleis; **vurdering etter kapittel 3**. Vurdering om en plan eller tiltak får vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Etter gjennomgang kom vi til at følgjande var aktuelle tema:

* **f.** konsekvensar for befolkningas helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforureining

Her: Eksplosjonsfare

* **h.** risiko for alvorlege ulykker som en følge av naturfare som ras, skred eller flaum

Her: Området ligg i faresone for stormflo og flodbølge frå fjellskred på Åkerneset. Tiltaket sin fare for eksplosjon må vurderast i forbindelse med farepotensiale frå naturlege opphav. Spørsmålet om tiltaket vil medføre en forverring av faresituasjonen må avklarast.

I merknadene til forvarslinga av planarbeidet vart det vidare m.a. peika på kultur- og landskapsforhold, forureining (særleg m.o.t. ev. verknader på Korsbrekke Naturreservat), vassforbruk, EI-forbruk og trafikktrygging, vegstandard (tilgjengelegheit til anlegget).

I vår vurdering av KU-forhold (jf. forskrifta § 21. *Beskrivelse av faktorer som kan bli påvirket og vurdering av vesentlige virkninger for miljø og samfunn*) er då m.a. følgjande tiltak i fokus :

- Planering/fjerning av eksisterande deponerte masser
- Oppgradering av tilkomstvegen til tomta (gnr. 91 bnr. 242) her i også utbetring av krysset Fv5920/Gamlevegen, ev. auka trafikk
- Etablering av industrianlegget (volum, plassering og arkitektonisk uttrykk)
- Anlegget sitt forureiningspotensiale
- Eksplosjonsfare
- Sikringstiltak/kompenserande tiltak som voll og gjerde
- Anlegget sitt vassforbruk, spillvatn frå anlegget, handtering av overvatn frå anleggsområdet/tomta 91/242 (F/I-1 området) vedkomande avrenning
- Anlegget sin bruk av straum
- Etablering av intern infrastruktur
- Tiltak ved etablering av anlegget (anleggsfasen) og tiltak under driftsfasen

7.4 Dokumentgrunnlag for KU-utgreiinga

Gjeldande planar for anlegget og utgreiingar frå tiltakshavar (jf. vedlegg), prinsippsskisser, 3D-modell, skisse/omtale av utbetringstiltak på vegtilkomsten til anlegget (her i utbetring av krysset Fv5920/Gamlevegen), eigne utgreiingar som ROS-vurderingar, VA-rammeplan, ureining, støyvurdering, landskapsbilde, EI-forsyning, synfaring, bilde frå synfaring og dokumentasjon knytt til Korsbrekke naturreservat leggst til grunn for utgreiinga. Utgreiinga tek utgangspunkt i berre eitt alternativ. Dette som følgje av overordna avklaringar og drøftingar med kommunen vedkomande ulike lokaliseringar av eit hydrogenanlegg.

7.5 Nullalternativet

Nullalternativet er venta situasjon i influensområdet dersom planen eller tiltaket ikkje blir gjennomført. I denne konsekvensutgreiinga blir dagens situasjon med massedeponi på området – slik det fram står i omfang per i dag - omtala som nullalternativet. Alle konsekvensar av det nye tiltaket målast opp mot konsekvensane ved å ikkje gjennomføre tiltaket.


7.6 Omtale av status tilstand, nullalternativet

Vi viser her til dokument knytt gjeldande reguleringsplan for Hellesylt sentrum. For «vårt» planområde har det generelt ikkje blitt gjennomført vesentlege tiltak etter at gjeldande reguleringsplan «Hellesylt sentrum (plan-ID 2011002) vart godkjent 2.9. 2015.

Arealet gnr. 91, bnr. 242 (tomta for bygging av oksygenanlegg) og tilgrensande areal bnr. 174 har sidan 2016 – er med kommunen som eigar – blitt nytta til masselager; steinmassar henta frå tunneldrifta i området. Berre minimale areal på desse eigedomane har som følgje av denne disponeringa i dag naturleg mark. (Til vitande: bnr. 242 er frådelt frå br.nr. 174 etter forvarslinga av planen).

Som det går fram av notat vedlegg 10 opplyst det at steinmassane som ligg på eigedomane gnr. 91 bnr. A 174 og 242 har vore lagra utan tildekking. Kommunen har nytta masser til ulike byggeprosjekt. Det har difor vore ei viss om røring i og flytting av massane over tid. Det heiter vidare:

Sprengsteinsmassene har vært lagret på tomten i en årrekke uten tildekning og eventuelle nitrogenforbindelser vil i stor grad være skylt bort allerede. Det foreligger derfor liten risiko for ytterligere avrenning av nitrogenforbindelser i forbindelse med anleggsarbeidet. Plast fra sprengtråd og fenghetter er imidlertid fortsatt å finne i massene, i tillegg til mulig gjenværende finstoff/partikler



Gnr. 91 bnr. 174 og 242



1.




2.



3.



4.



1

3

2

4

7.7 Forureining (utslepp til luft, her under klimagassutslepp, forurensing av vatn og grunn, samt støy)

Viser til dokumenta:

- Notat Utslipp Hellesylt hydrogen HUB
- VA-rammeplan
- Støykartlegging

Verdi:

Utgreiingsområdet er areal som i dag nyttast til lagring av sprengde steimassar. I naboområda til utgreiingsområdet er det ikkje registrert særskilde ureinande kjelder/tiltak knytt til utslepp til luft, her under klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, samt støy. I tiltakshavar si utgreiing vedkomande forureining frå tiltaksområdet, jf. «Notat Utslipp Hellesylt hydrogen HUB», går det fram at «Sprengsteinsmassene har vært lagret på tomten i en årrekke uten tildekning og eventuelle nitrogenforbindelser vil i stor grad være skylt bort allerede. Det foreligger derfor liten risiko for ytterligere avrenning av nitrogenforbindelser i forbindelse med anleggsarbeidet. Plast fra sprengtråd og fenghetter er imidlertid fortsatt å finne i massene, i tillegg til mulig gjenværende finstoff/partikler». Tidvis støyande

verksemd i form av utlegging/masseflytting/opplasting/borttransport har føregått i perioden steinmassane har blitt lagra og flytt på.

Utgreiingsområde pr. no vurderast til å ha verdi **uten betydning**, men vurdert som potensiell forureiningskjelde **noe verdi** med bakgrunn i påviste/evt. Restlavfall i dei lagra massane (forureiningspotensiale) samt utført transportarbeid. (Her ligg då eit forbettingspotensiale opp mot forureining)



Påverknad:

Utslepp til luft, her under klimagassutslipp:

Innsatsfaktorane for produksjon av hydrogen er vatn og elektrisitet. Utover innsatsfaktorene er følgjande stoff i anlegget (jf. tabell under pkt. 7 i notat): Hydrogen, oksygen, nitrogen, komprimert luft, sodalime (NaOH/CaO₂), Ion Exchange Resin, Etylen Glycol, Insulating Oil Rectifier (XX), Transformer Oil (XX), Refrigerant R513A, Refrigerant R454B Oilfluoromethane, hydraulic fluid, Refrigerant R749A, Cooling lubrikant BSE32, Cooling lubrikant BSE60K. Viser til Notat med faktaark.

Driftsfasen:

Trykktesting vert gjennomført før oppstart. Drifta vert underlagt eit vedlikehaldssystem med jamleg testing for å hindre lekkasjar. Gassene i anlegget er hydrogen, oksygen, nitrogen og trykkluft. Dette er gassar som ikke vil ha negative konsekvenser for naturreservatet eller omgjevnadene i tilfelle utslepp.

Forurensing av vatn og grunn:

Anleggsfase:

Potensielle utslepp:

-nitrogenforbindingar frå ikkje omsett sprengstoff, samt plast frå bl.a. sprengtråd og fenghetter.

Kompenserande tiltak:

-Oppsamling av plast og evt. Annet avfall i massane
 -Vatning av masser ved behov for å hindre støving
 -Etablering av grøft i aksen som grenser mot Fylkesvegen og Korsbrekke naturreservat for å fange opp eventuelle plast- og partiklar
 -Utlegging av siltgardin i sjøen ved behov for transport av masser langs Fylkesvegen

Driftsfase:

Trykktesting vert gjennomført før oppstart. Drifta vert underlagt eit vedlikehaldssystem med jamleg testing for å hindre lekkasjar. Anlegget byggast opp slik at brot på leidningar mellom modular stengast av ved trykkfall. Einaste stoff

som flyt mellom modular er etylenglykol som nyttast i kjølinga av Kraft container. Etylenglykol er eit lett nedbrytbart produkt og utslepp av etylenglykol frå rørbrøt er i ROS-analysen vurdert til å ha lav sannsynligheit og lav konsekvens. Utslepp fangast opp av overvasssystemet.

Spillvatn frå mannskapsbrakke mv. leiast til kommunalt leidningsnett.

Støy

Kompenserande tiltak: Støyvoll (jf. som sikringsvoll/eksplosjon)

Konkl. frå støyutgreiinga:

«Beregningsresultatene viser at anleggets støybidrag mot omgivelsene ikke medfører støy over gjeldende grenseverdier ved eksisterende støyfølsomme bebyggelser som ligger i avstand ca. 300 m unna. Hydrogenanlegget vil heller ikke medføre støy over grenseverdiene ved Hellesylt Camping, selv om dette området ikke faller under bygninger til støyfølsomt bruk».

Samla vurdering:

Kompenserande tiltak i anleggsfasen vil hindre spreining av ev. ureining i fjellmassane som ligg lagra på tiltaksområdet i dag. Forureining i driftsfasen vert tilsvarande fanga opp med kompensierende tiltak både på produksjonsanlegget og på utomhusarealet.

Tiltaket vurderast samla å ha påverknad **ubetydelig endring**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **uten betydning/noe verdi**, og medfører **ubetydelig endring/miljøskade**.

Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.8 Naturmangfald, økosystem, vassmiljø

Verknader knytt til naturmangfald, økosystem, verneområdet og vassmiljøet/vassforskrifta §12 vert vurdert samla. Dette med bakgrunn i at dei konkrete tiltaksområda knytt til bygging av hydrogenanlegget (F/I – 1 området og utbetring av kryss/tilkomstveg til dette området) har ev. påverknad knytt til naturmangfald, økosystem og vassmiljø berre mot Korsbrekke naturreservat – som er eit avgrensa område. Verknadsomtale for temaene vil i hovudsak vere samanfallande.

Aktuell del av planområdet er for dette temaet delt i to (2) område:

Delområde 1: Område o_G og F/I-1 i reguleringsplanen. Utbetring kryss Fv5920/Gamlevegen.

Delområde 2: Sjøareal, her inngår i Korsbrekke naturreservat.



Delområde 1



Delområde 2

Delområde 1:


Verdi:

Ingen tiltak på sjø- el. vassmiljø inngår.

På areala etablerast: Hydrogenanlegg med tilhøyrande sikringstiltak og der del av voll leggst på regulert grøntområde. Breiddeutviding i krysset Fv 5920/Gamlevegen inngår, men utførast innanfor tilgrensande/tilhøyrande vegareal.

Verdi i areala er relatert til at utbyggingsområdet for hydrogenanlegget er fylte opp med sprengde steinmassar, at areal for utviding av kryss/tilkomstveg er prega av noverande vegar sin bruk. I områda inngår ingen særskilde naturtypar, artar eller naturlege landskap. Ingen trua eller nær trua artar er registrert i områda.

Utgreiingsområde vurderast til å ha verdi **utan betyding**.



Påverknad:

Ny industriverksemd medfører fysiske inngrep ved flytting av fjellmassar, etablering av fabrikkverksemd, etablering av sikringsvoll, bygging av intern infrastruktur, endring av avrenninga for overvatnet. utbetring av krysset Fv 5920/Gamlevegen samanlikna med dagens situasjon med massedeponi. Kompenserande tiltak for miljøsikring i bygge- og driftsfase inngår i planbestemmingane. Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydeleg endring**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha verdi **utan betydning**, og medfører **ubetydelig miljøskade** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.


Delområde 2:

Verdi:

Delområde 2 er sjøområdet tilknytt området. Det er i Naturbasen registrert både ålegras, strandeng og strandsump samt ulike fugleartar. Området utgjør en del av Korsbrekke naturreservat.




Korsbrekke Naturreservat




Samlekart




Ålegrassamfunn



Strandeng, strandsump



Oppdyrka varig eng, strandeng



Nær trua artar: Raudstilk, Tjeld, ærfugl, fiskemåke

Arealet er underlagt vern som følgje av eige vernevedtak/forskrift. Formålet med vernet er beskrevet i Faktaarket til reservatet:

Formålet med vernet er å ta vare på eit av dei få, delvis urørde elvedelta inne i fjordane på Sunnmøre inkludert dei botaniske og geologiske verneverdiane. Dei viktigaste botaniske verdiane i reservatet er knytt til strandengene. Av meir sjeldne artar er saltarve. Ein annan interessant art er ålegras. Denne arten er utbreidd på kysten av Møre og Romsdal, men er sjeldsynt i indre fjordstrok. Området grenser til vegar og bebygde område og er av den grunn utsett for press. Det er også bygd ei kai for mellom anna turistbåtar like ved. Reguleringsplanen/føreseigna sett krav til skipsmanøvreringa for å unngå skader i verneområdet.

I forskrifta for verneområdet heiter det (FOR-20002-11-08-1235):

§ 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit av dei to einaste gjenverande, delvis intakte elvedelta inst inne i dei djupe Sunnmørsfjordane, med det biologiske mangfald som høyrer til.

Ad forhold/tiltak utanfor verneområdet kan visast til:

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, **utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall**, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. **Oppistinga er ikkje fullstendig.**

Utgreiingsområde vurderast til å ha verdi **svært stor**.



Påverknad:

Planen legger ikkje til rette for tiltak i delområde 2 ut over det som allereie er godkjent (gang- og sykkelvegen) i gjeldende plan og tilhøyrande føresegn. Føresett at utslepp og avrenning unngåast i både byggefase og i driftsfase (på delområde 1) vurderast påverknaden å være ubetydeleg.

Potensielle verknader frå delområde 1 – arealet for bygging av hydrogenanlegg (F/I-1) er

under anleggsfasa knytt til:

- Planering/fjerning av eksisterande deponerte masser, heri også etablering av voll med lokale masser
- Grunnarbeid i tilknytning til etablering av industrianlegget
- Handtering av overvatn frå anleggsområdet/tomta 91/242 (F/I-1 området) vedkomande avrenning

Under driftsfasa knytt til:

- Eksplosjonsfare
- utslepp frå produksjonsanlegget, ev lekkasjar
- avrenning av overvatn frå anleggsområdet

Tiltak ved etablering av anlegget (anleggsfasen):

- Oppsamling av plast og evt. anna avfall i massane
- Vatning av masser ved behov for å hindre støving
- Etablering av grøft i aksene som grenser mot Fylkesvegen og Korsbrekke naturreservat for å fange opp eventuelle plast- og partiklar
- Utlegging av siltgardin i sjøen ved behov for transport av masser langs Fylkesvegen

og tiltak ved bygging av anlegget og under driftsfasen

- Bygging av voll, jf vern i høve skader ved eksplosjon
- Trykktesting av anlegget før oppstart.
- Drifta vert underlagt eit vedlikehaldssystem med jamleg testing for å hindre lekkasjar. Rørbrot er i ROS-analysen vurdert til å ha lav sannsynligheit og lav konsekvens. Utslepp fangast opp av overvassystemet.
- Spillvatn frå mannskapsbrakke mv. leiast til kommunalt leidningsnett.
- Overvatn samlast og infiltrerast i grunnen

Viser elles til nærmare utgreiing i VA-rammeplanen (vedlegg8) og i Notat Utslipp Hellesylt hydrogen HUB (vedlegg 10), jf. også pkt. 7.7 Forureining over.

Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydeleg endring**.

**Konsekvens:**

Tiltaket vurderast å ha verdi **utan betydning**, og medfører **ubetydelig endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (ubetydeleg miljøskade)**.

Påverknad, samla vurdering delområda 1 og 2:

Vurdering av naturmangfoldslova sine bestemmingar:

Vurderingane under knyter seg til ovannemde føresette kompensierende tiltak i anleggsfasen og driftsfasen.

Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldlova.

Førevar prinsippet (§9):

Delområde 1 (F/I-1 området og utbetningsområdet kryss og vegtilkomst) inneheld ikkje naturtypar og artar av betydning for naturmangfaldet. Delområde 2 inneheld viktige naturtyper og er freda sjå Faktaarket for reservatet, jf. utdrag over. Det er registrert ålegrassamfunn, strandeng, strandsump, oppdyrka varig strandeng og fugleartane Raudstilk, Tjeld, Ærfugl og Fiskemåke i naturreservatet (1994). Dei tiltaka som vert foreslått gjeld utbygging som kommunen gjennom regelverket (her i reguleringsplanar) vil ha kontroll med at skjer i ordna former, jf. handtering av utslepp. Med føresette kompensierende tiltak kan vi ikkje sjå at desse artane sine levekår vert endra.

Samla belastning (§10):

Planframlegget medfører ikkje vesentlege ulemper for naturmangfaldet med bakgrunn i fastsette vilkår for etablering av hydrogen- og oksygenanlegget.

Overvaking (§11):

Så langt kommunen kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med overvaking av naturmiljøet.

Alternativ lokalisering (§12):

Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at det innanfor byggeområdet i dag finst verdifulle eller trua artar, og tiltaket vurderast å ikkje påvirke Kosbrekke naturreservat. I høve naturmangfaldet er det såleis ikkje behov for alternative lokaliseringar.

Konklusjonen er at den samla belastninga av tiltaket dette planframlegget for gnr. 91 bnr. 174 m. fl. omfattar ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

Ad vassressursforskrifta §12:

1. avsnitt i §12:

- a. Vi legg til grunn gjennomføring av dei fastsette kompensierende tiltaka i anleggsfase og driftsfase (jf. føresegnene). Dei fysiske eigenskapane til vassførekomsten Kosbrekke naturreservat (delområde 2) vert då ikkje endra som følgje av tiltaka på område F/I-1 (delområde 1).
- b. Aktiviteten på F/I-1 er ein fullt ut berekraftig aktivitet som ikkje endrar tilstanden i vassførekomsten frå svært god tilstand til god tilstand.

2. avsnitt i §12:

- a. Praktiske gjennomførbare tiltak (delområde 1) setjast inn for å hindre/avgrense negative verknader i vassførekomsten (delområde 2) sin tilstand.
- b. Samfunnsnytta av tiltaket med bygging av hydrogenanlegg er at det vert etablert lokal produksjon av hydrogen som m.a. skal nyttast som drivstoff for ferja Hellesylt – Geiranger i verdsarvområdet. Bruk av hydrogen er ei energiløysing som ikkje medfører utslepp og som stettar fastsette krav til skipstrafikk i verdsarvområdet gjeldande frå 2026.
- c. Kompenserande tiltak som vist til for område F/I-1 kan gjennomførast innan kostnadsramme som tiltaket finn akseptabel, dvs. realiserbar.

Det er lagt inn plankrav/kompenserande tiltak knytt til handtering av overvatnet frå fabrikkområdet, kompenserande tiltak for miljøsikring i byggefase og i driftsfase. Føresegnene fastset krav til utbygging på fabrikkområdet på slik måte at vernereglane knytt til Korsbrekke naturreservat vert ivaretekne.

På vilkår av gjennomføring av fastsette krav knytt til kompenserande tiltak (ROS-forhold, handtering av overvatn og spillvatn samt verksemdsbaserte tiltak i anleggs- og driftsfasen), ser vi ikkje konflikt mellom naturmangfaldet og utbygging av hydrogenanlegget.

Det skjer ikkje inngrep i sjø eller vassførekomst som følgje av planframlegget. Ut over kva som er godkjent i gjeldande områdereuleringsplan er det berre fremja endringar gjeldande konkrete tiltak innan område F/I-1. I føresegnene - «krav om rekkjefølgje» - er m.a. teke inn:

- b. Ved etablering av anlegg for produksjon og lagring av hydrogen innan F/I-1 området skal:

- Det etablerast sikringsvoll for demping av støy, sikring mot fare for brann og eksplosjon og sikring mot bølgeverknader frå austleg retning. Voll byggast med høgde +4 meter over planert byggeområde. Voll erosjonssikrast mot aust opp til kote min. +2,8 meter NN2000.


- Etablerast interne tiltak for handtering av overvatn ved infiltrasjon i grunnen. Anlegget dimensjonerast i hh.t. forventa endringar i nedbørsregime og venta ekstremnedbørsmengder.

- Ovannemnde tiltak skal vere ferdigstilt før hydrogenanlegget setjast i produksjon.

Som vernetiltak for sikring mot potensiell avrenning av forureinande stoff skal det i anleggsfasen:

- gjennomførast løpande oppsamling av plast og evt. annet avfall i massane

-etablerast grøft, i aksen som grenser mot Fylkesvegen og Korsbrekke naturreservat, som fangar opp eventuell plast og partiklar.



- leggest ut siltgardin i sjøen ved behov for transport av masser langs Fylkesvegen - vatning av masser ved behov for å hindre støv. Så langt vi kan sjå vil dette hindre forureining av sjø/vassdrag Tiltaket vurderast å ha påverknad ubetydeleg endring.	
--	--

Samla for delområda 1 og 2:

Konsekvens:
Tiltaket vurderast å ha verdi utan betydning (jf. lokalisering av tiltaket på delområde 1), og medfører ubetydelig endring til delområda 1 og 2. Tiltaket får konsekvensgrad 0 (ubetydeleg miljøskade) .

7.9 Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål

Viser til pkt. a 7.7 og 7.8 over samt pkt. 7.14 under. Som følge av konklusjonen vedkomande vassressursforskrifta §12 kan vi ikkje sjå at planendringa vil ha verknader for verdsarvområdet.

Konsekvens:
Tiltaket vurderast å ha verdi utan betydning, og medfører ubetydeleg endring til områda. Tiltaket får konsekvensgrad 0 (ubetydeleg miljøskade) .

7.10 Kulturminne og kulturmiljø

Vi viser til landskapsfagleg utgreiing som ligg ved dette planframlegget (vedlegg 7) som inkluderer omtale av kulturminne og kulturmiljø.

Verdi:
Nytt hydrogenanlegg etablerast i forlenging av eksisterande industri- og næringsområde sør for Hellesylt sentrum. Innan planområdet er der ikkje registrert kulturminne eller særlege kulturmiljø. Utgreiingsområde vurderast til å ha verdi utan betydning .
 Diagrammet viser ein horisontal linje med fem markerte punkt: 'Uten betydning', 'Noe', 'Middels', 'Stor' og 'Svært stor'. Under 'Uten betydning' er det ein svart trekant som pekar til høgre.

Påverknad:

Verknad på omkringliggende kulturmiljø og kulturstruktur reduserast av normalt førekomande eller fragmentert bebyggelse- og infrastruktur. Ny industriverksemd vil ha fysisk, romleg og visuell verknad som i noko grad endrar landskapsbildet/oppfatninga av kulturlandskapet. God utforming av sikringstiltaka vil derimot dempe noko dei negative visuelle verknadene av anlegget, og vurderast som en betring av visse visuelle forhold samanlikna med dagens situasjon med massedeponi. Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydelig endring**.

**Konsekvens:**

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **ubetydelig miljøskade** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.11 Friluftsliv**Verdi:**

Innan planområdet er der ikkje registrert arealbruk av betydning for friluftslivet. Utgreiingsområdet ligg likevel slik til at det er del av «gangkorridoren» frå sentrum og sørover mot idrettsanlegg og friluftsområde. Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betydning**.

**Påverknad:**

God utforming av sikringstiltaka vil dempe dei negative visuelle verknadene av anlegget, og vurderast som ei forbedring av visuelle forhold knytt til opplevinga av «gangkorridoren» samanlikna med dagens situasjon med massedeponi. Tiltaket vurderast å ha påverknad **forbetr**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **noko miljøbetring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad +.

7.12 Landskap

Vi viser til landskapsfagleg utgreiing som ligg ved dette planframlegget, jf. RAPP-LAB 01 Hydrogenanlegg Hellesylt: Landskapsbilde, vedlegg 7. Kort utdrag frå utgreinga:

Verdi:

Nytt hydrogenanlegg etablerast i forlenging av eksisterande industri- og næringsområde sør for Hellesylt sentrum på areal som i dag nyttast til lagring av sprengde steinmassar.

Hellesylt ligg i eit fjord- og fjellandskap som er eit distinkt naturlandskap med lokal til regional betydning. Viken og elveutløpet gir naturvariasjon innanfor landskapsområdet og er viktige samanhengande naturstrukturar for tettstaden.

Strandflata rundt vika er ein del av den utvida tettstaden som pregast av normal bebyggelse- og infrastruktur med industriverksemd, campingplass og idrettsanlegg. Dette landskapet har lite betydning for etniske/sosiale grupper, for historiske hendelser, tro eller tradisjon, eller i kulturhistorisk sammenheng.

I den utvida tettstaden er landskapet i mindre grad knytt til identitet og tilhøyrgheit. Strandflaten opplevast som lite variert og noko fragmentert. Gode visuelle kvaliteter i omkringliggande natur reduserast av industriverksemd, utfyllingar i sjøen samt massedeponiet (tiltaksområdet) like ved elva sitt utløp.

Utredningsområdet vurderes å ha **noe verdi**.



Påverknad:

Tiltaket vil ikkje føre til noka endring i arealbeslag i samanlikna med dagens situasjon. Ny industri- verksemd vil ha fysisk, romleg og visuell påverknad som i noko grad forringer landskapsbildet. God utforming av sikringstiltaka vil derimot dempe nokon av dei negative visuelle verknadene av anlegget, og vurderast som ei betring av visse visuelle forhold i samanlikna med dagens situasjon med massedeponi.

Tiltaket vurderes å ha påvirkningsgrad **ubetydelig endring**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderes å ha **noe verdi**, og medfører **ubetydelig miljøskade** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

Tiltaket vurderast å ha **uten betydning/noe verdi**, og medfører **ubetydelig endring/miljøskade**. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.


7.13 Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar

Viser til dokument:

Tindra Nett AS: Strømforsyning til Norwegian Hydrogen sitt anlegg på Hellesylt

Verdi:

Trafikken på Fv 5920 er i dag ÅDT 180 (tal frå fylke/samferds.avd.). Trafikken på Gamlevegen (som tiltaket skal knytast til) kjem i dag berre frå Hellesylt utleigebygg (lagerbygninga på 60/24), avkøyrsla på baksida av forretningsbygget til HT Bygg Hellesylt AS samt elles tilfeldig trafikk. ÅDT stipulert til <20. Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betydning**.

**Påverknad:**Transportbehov:

Planendringa generer lite trafikk. Etablering av hydrogenanlegget tilfører til/frå trafikk lik: ÅDT 16 – lastebilar, ÅDT 8 personbilar --> ÅDT 24. Trafikken på fv. 5920 i området er i dag ÅDT 180.

Energiforbruk:

Tindra Nett AS omtaler energibruken slik:

«Norwegian Hydrogen (NH) har bestilt 2,5 MW til forsyning av hydrogenfabrikk i Hellesylt. De vil få tilknytning på vilkår om utkobling eller redusert forbruk, og under forutsetning av at det oppnås tilfredsstillende spenningsforhold.

Det er ingen termiske flaskehalser i forsyningen til Hellesylt, og hydrogenfabrikken vil gi bedre utnyttelse av lokal produksjon. Men den nye fabrikken medfører utfordringer knyttet til spenning i tørre perioder når kraftverkene ikke produserer. Norconsult jobber for Tindra Nett med å beskrive ei løsning for å håndtere spenningsproblematikken. Dette arbeidet forventes fullført i løpet av november 2022.

Når samlet produksjon fra kraftverkene er tilstrekkelig, er målet at H2-fabrikken skal kunne ta ut sin merkeytelse på inntil 3 MVA. Produksjonen av hydrogen må altså tilpasses til den kapasiteten som er tilgjengelig i nettet.

Tindra nett reserverer noe kapasitet til vanlige strømkunder, i tråd med retningslinjer fra RME. Det vil i praksis si at vi holder av ca. 400 kW for å unngå at hydrogenproduksjonen legger beslag på all tilgjengelig effekt i området.

Alle kostnader ved etableringen, inkludert analyse og nødvendig teknisk utstyr, vil tilfalle NH ved anleggsbidrag i henhold til gjeldende regelverk».

Energiløysing:

Norconsult har utarbeidd konsesjonssøknad der

Norwegian Hydrogen AS søker etter Energilova av 29.06.1991 § 3-1 om konsesjon til følgende tiltak:

- 1 stk. prefabrikkert nettstasjon inne på fabrikkområdet
- 22 kV kabelanlegg til likerettanlegg
- Likerettanlegg i container på fabrikkområdet

Norwegian Hydrogen har i dag ingen gjeldende konsesjonar for energianlegg. Tindra Nett er områdekonsesjonær og vil legge fram 22 kV forsyning til nettstasjon. Norwegian Hydrogen vil ikkje kunne være driftsledar og vil følgeleg leige inn denne tenesta for drift av sitt høgspontanlegg.

Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydeleg endring**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **ubetydeleg endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.14 Beredskap og ulykkesrisiko

Viser til utgreiing «Kvantitativ risikoanalyse for hydrogenanlegg på Hellesylt» og «ROS-analyse». For vurdering av Påverknad og Konsekvens leggstil grunn kompenserande tiltak innarbeidd på plankart og i føreseigner.

Verdi:

Slik arealet fram står i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betyding**.



Påverknad:

Det har blitt gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og vurdering av sårbarheit av tema som gjennom fareidentifikasjonen sto fram som relevante. Følgjande farar har blitt utgreidd:

- Skredfare bratt terreng
- Skredgenerert flodbølge Åkneset
- Ustabil grunn
- Havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad
- Ekstremnedbør
- Skog-/ lyngbrann
- Brann/ eksplosjon ved industrianlegg
- Akutt forureining
- Transport av farleg gods (sjå under: Risikoanalyse: Hending 1)
- Sløkkevatn for brannvernet
- Tilsikta handlingar

Etablering av verksemd som handterer farleg stoff er underlagt særskilt regelverk. Det er difor i planarbeidet gjennomført ei kvantitativ risikoanalyse for anlegget. Dette som grunnlag for å kunne identifisere nødvendige risikokonturar som grunnlag for å etablere hensynssoner i reguleringsplanen. Desse er lagt inn som faresoner for brann- og eksplosjonsfare i plankartet med tilhøyrande planbestemmingar.

Det er i tillegg, gjennom fareidentifikasjon og vurdering av sårbarheit identifisert tiltak som det ut frå om syn til samfunnssikkerheit er nødvendig å gjennomføre for å unngå å bygge sårbarheit inn i dette planområdet.

Hovudpunkt:

- Eksisterande faresoner for skred vidareførast frå gjeldande plan. Anlegget er plassert innanfor «sikker faresone» gjeldande denne typen anlegg, jf. potensiell rasfare
- Skredgenerert flodbølge, Åkneset: Bestemmingar knytt til skredgenerert flodbølge vidareførast frå gjeldande plan.
- Hydrogenanlegget må tilfredstille sikkerheitsklasse S3 og etablerast utanfor eksisterande faresoner for skred med gjenntaksintervall 1/5000
- Fundamentering av anlegget ivaretek opptredande masser/berg mv.
- Planområdet (for anlegget) planerast til ei kotehøgde på 3,0 meter NN2000 for anlegget
- Det etablerast sikringsvoll for demping av støy, sikring mot fare for brann og eksplosjon og sikring mot bølgeverknader frå austleg retning. Voll byggast med høyde +4 meter over planert byggeområde. Vollen revegeterast og sikrast med flettverksgjerde. Øvrig sikring mot flom fra nordaust er ikkje naudsynt. Som sikring mot bølger fra søraust må det byggast en voll eller mur opp til høyde 2.8 m NN2000, eller tilsvarende høyde av terreng.
- Det etablerast sikringsgjerde m.o.t. 3. personssikkerheit.
- Eigne interne tiltak for handtering av overvatn ved infiltrasjon i grunnen. Dimensjonerast i h.h.t. forventa endringar i nedbørsregime også venta ekstremnedbørsmengder.

- Faresoner identifisert i Gexcon si kvantitative risikoanalyse etablerast som hensynssoner i reguleringsplanen med tilhøyrande bestemmingar. Faresonene visast for på grunnen (vertikalnivå 2) og gjeld opp til kote +7. Faresonene over grunnen (vertikalnivå 3) gjeld frå kote +7 og over.
- Tilstreккеleg brannberedskap etablerast ved å supplere kommunal vasstiltførsel med eiga lokal løysing (branntank).

Risikoanalyse:

Hending 1 – Transport av farleg gods der det oppstår brann/eksplosjon.

Basert på historiske data og planlagde nye verksemdar som vil generere meir transport av farleg gods, vurderast det som moderat sannsynleg at ei slik hending som medfører ein brann/eksplosjon, vil inntreffe med transporter frå anlegget.

Drøfting av sannsynlegheit:

DSB mottar på landsbasis årleg mellom 40-70 hendingar som inkluderer farleg gods, 55 hendingar i 2015 (DSBs uhellsstatistikk for 2015). Stranda kommune hadde ingen registrert hendingar med farleg gods mellom 2006-2015 (DSB). Ei hending som fører til ein brann/eksplosjon vil kunne påverke planområdet, og det settast ofte ein evakueringsradius på ca. 3-500 meter ved slike tilfelle. Ut frå erfaringar er delen ulykker med farleg gods der det oppstår brann eller eksplosjon svært lav (2-3 årlege branntilfelle), i dei fleste tilfella fører ei hending med farleg gods til akutt utslepp til grunnen og til luft. Det er rimeleg å anta at hending med farleg gods vil førekome oftast i dei områda der det fraktast mest gods (rundt dei store byene og langs hovudtrafikkårane). Transporter ut på fylkesvegen og gjennom sentrumsområdet vil ha lav fart noko som er med på å redusere sannsynet for at slike ulykke skjer.

Basert på historiske data og planlagde nye verksemdar som vil generere meir transport av farleg gods, vurderast det som moderat sannsynleg at ei slik hending som fører til ein brann/eksplosjon, vil inntreffe med transporter frå anlegget.

Drøfting av konsekvens:

Liv og helse:

Transport ut frå anlegget vil raskt komme inn i sentrumsområdet i Hellesylt, med tilhøyrande næringsverksemd, cruisepassasjerar mv. Konsekvens for tredjeperson sitt liv og helse avheng også av sikkerheita som er konstruert i containerar som nyttast til denne transporten og som er underlagt ADR-reglane. På slik bakgrunn vurderast konsekvens for liv og helse konservativt til å kunne bli stor, gitt at ulykker inntreffer i sentrumsområdet.

Stabilitet:

Ei slik hending vil føre til at det vil kunne måtte opprettast evakueringsone som kan føre til noko brot i stabiliteten. Konsekvensen for stabilitet blir vurdert til å være stor, brot i stabilitet med noko varigheit.

Materielle verdiar:

Konsekvensen for materielle verdiar vil være avgrensa, men ei ulykke kan gje skade på infrastruktur og eventuelle bygningar i nærleiken. Konsekvensen for materielle verdiar blir vurdert til å vere middels.

Verdi	Sannsynlegheit					Konsekvens					Risiko		
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5			
Liv og helse		x							x			x	
Stabilitet		x							x			x	
Materielle verdier		x						x				x	
Tiltak: Etablere ei forsvarleg risikostyring og beredskap ved verksemda i tilknytning til aktivitetar som medfører transport av farleg gods.													
Samla vurdering: Tiltaket vurderast å ha påverknad noko endring .													

Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **noko endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad - (eitt minus).


7.15 Verknader som følge av klimaendringar, her også risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred

Viser til notatet Flomfare fra Sjø, vedlegg 12 og gjeldande områderegeringsplan.

Verdi:

Noverande areal (planert del) ligg under framtidig klimahøgde.

Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betydning**.




Påverknad:

I gjeldande reguleringsplan er fastsett at bygningar skal ha min. golvhøgde kote NGO 2,70 (stormflod med klimatilpassing). Vi har i tillegg vurdert bølgeverknadene som del av ROS-vurderinga, jf. eige notat. For nytt planert areal for anlegget skal min. kote 3,0 meter NN2000 nyttast. Med oppfyljing av byggearealet og bygging av sikringsvoll med bølgevern vil verknader som følge av klimaendringar, her også risiko ved havnivåstigning, stormflo og bølger frå sjø ivaretakast.

Anlegget plasserast innan skredsikkert område.

Tiltaket vurderast å ha påverknad **forbetra**.

**Konsekvens:**

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **forbetra endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad + (**noko betring**).

7.16 Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga

Viser til Helsedirektoratet: 15-0333 Folkehelse og kommuneplanlegging, til utgreiing «Kvantitativ risikoanalyse for hydrogenanlegg på Hellesylt» og «ROS-analyse».

Verdi:

Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betyding**.

**Påverknad:**

Planframlegget sine endringar påverkar ikkje vesentleg forhold knytt til:

- Bustadforhold, sosiale møteplassar, aktivitets- og friluftsområde, leikeplassar, vassmiljø (bekkar og sjø) og tilkomst til desse
- Universell utforming
- Barnehagar, skular, helseinstitusjonar, institusjonar mv.
- Ytre miljøfaktorar som støy (jf. døgnmidla nivå ved normal / full drift og nattmidla nivå ved normal / full drift), lokal luftureining, avrenning til drikkevatt, utslepp av kjemikaliar

-Skaderisiko knytt til ulykker; Ad eksplosjonsfare: Off. vegar ligg utanfor sone 10^{-5} . Her er tillate med offentleg veg, dvs. akseptabel risiko.

Viser til pkt. 7.14 over vedkomande ROS-analyse kap. 6 Vedlegg 1 – Risikoanalyse knytt til transport av farleg gods her i:

- Drøfting av sannsynlegheit,
- Drøfting av konsekvens
 - Liv og helse
 - Stabilitet
 - Risiko

Tiltak: Etablere ei forsvarleg risikostyring og beredskap ved verksemda i tilknytning til aktivitetar som medfører transport av farleg gods.

Tiltaket vurderast å ha påverknad **noko forringa/ending**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **noko forringing** til området. Tiltaket får konsekvensgrad - (eitt minus).

7.17 Tilkomst for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett

Verdi:

Utgreiingsområdet ligg mellom to offentlege vegar med lite trafikk. Vegane kryssar ikkje utgreiingsområdet. Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betyding**.



Påverknad:

Ingen planmessige endringar som medfører konsekvensar for tilkomst til uteområda. Tiltaket vurderast å ha påverknad ubetydeleg endring.	 A vertical scale with five levels: Sterkt forringet, Forringet, Noe forringet, Ubetydelig endring, and Forbedret. A grey triangle points to the 'Ubetydelig endring' level.
---	--

Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **ubetydeleg endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.18 Barn og unge sine oppvekstvilkår

Verdi:

Utgreiingsområdet sin bruk i dag inneheld ikkje funksjonar eller «naturlege» aktivitetsområde for born og unge. Gjennom området er ikkje barnetrakk eller andre tilkomstmuligheiter til/frå aktuelle aktivitetar. Viser til Gislink/tilgjengeleg strandsone, Gislink/Barn og unge: Ingen særskilde verdier. Ingen verknader. Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betydning**.



Påverknad:

Vi legg til grunn at lagra masser ligg stabilt og ikkje utgjer rasfare. Vi vurderer arealet likevel slik at ei kvar utbetring/sikring/fjerning av fjellmassane vil vere positivt for born og unge. Verknaden av tiltaket vil vere fjerning av vesentlege deler av massane samt inngjerding av anleggsområdet.

Tiltaket vurderast å ha påverknad **forbetring**



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører ei **viss forbetring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.19 Kriminalitetsforebygging

Viser til «Tryggere Nærmiljøer. En håndbok om kriminalitetsforebygging og fysiske omgivelser»/Kompetansesenter for kriminalitetsforebygging.

Verdi:

Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betyding**.



Påverknad:

Tiltaket endrar ikkje bruk og utbygging av forhold knytt til bustadområde, skular, sentrumsområde, idrettsanlegg, friluftsområde eller tilkomst til slike grøntområde.

For område F/I-1 skal det, ved bygging av oksygen- og hydrogenanlegg, etablerast tilplanta voll på aust- og nordside av anlegget. Her skal etablerast gjerde m.o.t personsikkerheit (jf. snitt teikningane L-70-10-01 og L-70-40-01). I sør og vest skal det byggast gjerde i høgde 2,5 m. Tomta er føresett å ha tilkomst frå Gamleveggen på vestsida. Gjerde og vollen sikrar at trafikk inn/ut av tomte er kontrollert. Vollen si side mot andre areal vil vere synleg. Sameleis gjerde si ytterside. Området vert opplyst.

Vi kan ikkje sjå at planendringa vil medføre etablering av tilkomst eller opphaldsareal som kan fremje «handlingar i skjul».

Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydeleg endring**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha verdi **utan betyding**, og medfører **ubetydeleg endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.20 Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.

Vi viser til landskapsfagleg utgreiing som ligg ved dette planframlegget, jf. RAPP-LAB 01 Hydrogenanlegg

Verdi:

Vi viser til landskapsfagleg utgreiing som ligg ved dette planframlegget, jf. RAPP-LAB 01 Hydrogenanlegg Hellesylt: Landskapsbilde, vedlegg 7.


Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet (med nærliggande influensområde) til å ha verdi utan betyding.



Påverknad:

Ny industriverksemd vil ha fysisk, romleg og visuell påverknad som i nokon grad forringar landskapsbildet. God utforming av sikkerheitstiltaka (her vollen) og gjerde vil dempe noko dei negative visuelle verknadene av anlegget. Vollen er føresett etablert med ein «grøn profil». Planting vil bestå av eit «grønt dekke» med stadeigen vegetasjon som kan tillatast vurdert opp mot ROS-forhold som t.d. brannverknad. Teikningane L-70-10-01 Illustrasjonsplan og L-70-40-01 Prinsippsnitt voll mot elva samt illustrasjon figurane 5 og 10 i ovannemde rapport viser korleis verknaden av nemnde tiltak vil vere. Anlegget med tilhøyrande tiltak vurderast som ei betring av visse arkitektoniske og estetiske forhold sett opp mot dagens situasjon med massedeponi.

Tiltaket vurderes å ha påvirkningsgrad **ubetydelig endring /forbetra**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **ubetydeleg endring/forbetring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.21 Teknisk infrastruktur

Verdi:

Arealet ligg klart for utbygging med mulig tilkomst til vegar, OVA-anlegg (begrensa kapasitet til brannvatn) og EI-anlegg.

Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **noko verdi**.



Påverknad:OVA (Viser til VA-rammeplanen, jf vedlegg 8):

VA-rammeplanen er utarbeidd med bakgrunn i VA-norma til kommunen og dei krav som går fram der. Planen er drøfta med kommunen. Planen omfattar vassforsyning, handtering av spillvatn og handtering av overvatn.

Vassforsyning:

Leveranse til anlegget frå kommunalt vassverk. Normal vassbruk er 0,4 l/sek. Vassbehandlingsanlegget har ein kapasitet på 20 l/sek. Kommunen anslår at systemet kan levere opp til 10 l/sek før resttrykket blir kritisk til andre deler av nettet. Ved brann: utnyttar det kommunale vassnettet samt at det vert bygd brannvassstank på området med kapasitet 40 l/sek. Kravet i TEK17 med kapasitet 50 l/sek er då på plass.

Spillvatn:

Spillvatn (frå arbeidsbrakker og som restprodukt etter hydrogenproduksjonen):

Spillvatn førast i stikkleidning til kommunalt nett.

Overvatn:

For å unngå risiko for partikkel- eller tungmetall-forureining gjennom oppstuvning og avrenning av overvatn mot naturreservatet nyttast fordrøying og infiltrasjon.

El-forsyning:

Viser til eige nota kraftleverandør Tindra Nett , jf. vedlegg 11

Norwegian Hydrogen AS har inngått eiga avtale med Tindra Nett AS om leveranse av El-kraft lik 2,5 MW til forsyning av hydrogenfabrikken i Hellesylt. Tilknytning skjer på vilkår om utkopling eller redusert forbruk, og under føresetnad av at det oppnåast tilfredsstillande spenningsforhold. Tindra Nett viser til at forsyninga til anlegget ikkje har vesentlege konsekvensar for forsyningssituasjonen på Hellesylt, i vurderinga av leveransen er det sett av ein reserve for andre tiltak i Hellesylt , i tråd med retningslinjer frå RME, lik ca. 400 kW for å unngå at hydrogenproduksjonen legg beslag på all tilgjengeleg effekt i området.

Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydeleg endring**.

**Konsekvens:**

Tiltaket vurderes å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **ubetydeleg endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.22 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen frådelt gnr. 91 bnr. 242 frå bnr. 174 til Norwegian Hydrogen AS. Kommunen skal etter kvart etablere bussoppstillingsplassen regulert i planen som O_P7. Krysset vert utforma med buss som dimensjonerande køyretøy. Gjennomføringa av arbeidet konkretiserast i eiga avtale mellom kommunen og Norwegian Hydrogen AS.

Verdi:

Arealet gnr. 91 bnr. 242 vart kjøpt av Norwegian Hydrogen AS (NH) ved at kommunen frådelt denne eigedomen frå sin eigedom gnr. 91 bnr 174. NH overtok eigedomen 30.08.2021.

Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betydning**.




Påverknad:

NH dekkjer kostnader knytt til gjennomføringa av tiltaket som gjeld OVA-anlegg, El-anlegg, flytting av overskotsmasse frå bnr. 242 til bnr. 174 og etablering av tilstrekkeleg brannvatn til anlegget. Utbetring av krysset fv5920/Gamlevegen skal skje på slik måte at tilkomsten til tomte frå Gamlevegen er tilfredsstillande i hht. funksjonskrav i Statens vegvesen si handbok N100, jf. avklaringar med Møre og Romsdal fylke, samferdselsavdelinga. Sjå figur i pkt. 6.12. Kostnadsdeling fastsetjast i eiga avtale mellom kommunen og utbygger (NH).

Så langt vi kan sjå medfører ikkje gjennomføringa av tiltaket vesentlege konsekvensar for kommunen: kanskje noko forbetra endring (jf. oppgraderinga av kryss og tilkomst, ved flyttinga av overskotsmassane: fjerning av plastrestar i massane).

Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydeleg endring**.




Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **ubetydeleg endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.23 Konsekvensar for næring

Verdi:

Slik arealet framstår i dag vurderast utgreiingsområdet til å ha verdi **utan betydning**.

**Påverknad:**

Så langt vi kan sjå vil verknader for næring bestå av:

- a) Utviding av eigedomsarealet «anna trafikkareal» knytt til fv5920 – langs heile planområdet på vestsida av vegen. Samla breidd 4,5 m mot i gjeldande reguleringsplan 3 m (der anna trafikkareal finst). Dette som følgje av merknad frå Møre og Romsdal fylke.

Verknad som følgje av omsynssone:

- b) I gjeldande føresegn §6 pkt. 12 g) heiter det:

«I områda vert det ikkje gjeve løyve til å føre opp bustadbygg eller bygning med husvære. Kommunen kan gjere unntak for husvære for vaktmeister o.l. dersom begge vilkår om at «Helserådet gjev samtykke».

Vi har m.o.t. faresonene knytt til eksplosjonsrisiko ved etablering av hydrogen- og oksygen anlegg på F/I-1 teke med i tillegg følgjande vilkår i føresegnene:

- At husvære ikkje er i konflikt med bestemmingane knytt til faresonene 350-1 og 350-2 (risikokontur 10^{-5} til 10^{-6}). For IND2, F/I-2 og F/I-3 vil mindre areal ligge i sona med avstand 4 meter frå eigedomsgrensa slik: IND2: 37 m², F/I-2: 20 m² og F/I-3: 17 m²). Avgrensinga i bruken gjeld buforma «vaktmeisterbustad» og som vi kan ikkje sjå på som relevant som tiltak knytt til dagens industri-/forretningsbygg.

Byggegrensene er ikkje endra. Det var semje mellom kommunen og fylke i samband med handsaminga av no gjeldande områdereuleringsplan at området IND2 skulle regulerast som industriområde heilt ut til regulert vegkant. Dette fordi parkeringsarealet til utbygginga på området ligg langs bygget mot fv5920. Dette er oppretthalde i planframlegget no.

For dei byggeområda som i gjeldande plan har «anna trafikkareal» mellom byggearealet og off. veg er fylke sitt ønska tilleggsareal lagt til. Dette medfører ei avståing av areal til «anna trafikkareal» slik:

Område	F/I-1	F/I-2	F/I-3
Redusert næringsareal, ca. m ²	93	84	154

I eksisterande føresegn §6 pkt. 12 a) heiter det:

Eigar av bygg må sjølv syte for tilførsel av sløkkevatn over behov på 50 l/sek. Etter avklaring med kommunen er dette kravet endra til å gjelde nødvendig kapasitet over kva kommunen greier å levere. I

planframlegget er det i føresegnene §6 pkt. 3 a) teke inn slik bestemming: Eigar av bygg må sjølv syte for tilførsel av sløkkevatn ut over kommunal kapasitet.

Oppsummert: For IND2, F/I-2 og F/I-3, kan vi ikkje sjå at fråfall av «vaktmeisterbustad» på dei mindre areala og areal-avståinga til «anna trafikkareal» vil ha vesentlege konsekvensar for utnyttinga av eigedomane. Konsekvens som følgje av endra ansvar for brannvatn. Kravet ligg utanfor kva som skuldast planframlegget, men er ein endra praksis knytt til partane sitt ansvar for vassforsyninga.

Tiltaket vurderast å ha påverknad **ubetydeleg endring**.



Konsekvens:

Tiltaket vurderast å ha **ubetydeleg verdi**, og medfører **ubetydeleg endring** til området. Tiltaket får konsekvensgrad **0 (null)**.

7.24 Interesse motsetningar

Så langt vi kan sjå har vi svara ut alle vesentlege merknader som er komne inn ved forminga av planendringa. Vi kan ikkje vise til vesentlege interesse motsetningar, men det kan synest av merknaden til fylke v/ kulturavdelinga at fylke synest å ønskje ei samla vurdering av estetiske- og landskapsmessige verknader av planendringa sett heile Hellesylt samla. Vi har drøfta saka med kommunen. Konklusjonen er at verknadene vil ev. ha avgrensa relevant konsekvens og at det berre er særleg del av noverande planområde som ev. vil bli nemnande påverka. Notatet «Hydrogenanlegg Hellesylt: landskapsbilde» tek utgangspunkt i den avgrensinga kommunen ser tenleg for naudsynt vurdering av estetiske- kultur- og landskapsmessige forhold i saka.

7.25 Avveging av verknadar, oppsummering konsekvensar vist til i KU

I planframlegget er det lagt vekt på at dei forhold/rammer som er avklara i gjeldande områdeplan leggst til grunn. Innan området F/I-1 legg planframlegget til rette for etablering av hydrogen- og oksygenanlegg, som gir eit nytt mogleg utbyggingsalternativ enn som fastsett i gjeldande plan. Planframlegget søker å ta i vare alle verknader dette kan føre til.

Vurdering av konsekvens	Tema	Nullalternativ, verdi	Hydrogen-/oksygenanlegg
	Naturmangfald Vassressursforskrifta §12 Økosystem	Delområde 1: utan betydning Delområde 2: svært stor betydning	konsekvensgrad 0 (null)

Klima- og miljøtema	Friluftsliv	0	konsekvensgrad +
	Landskap	Noko verdi	konsekvensgrad 0 (null)
	Kulturminne og kulturmiljø	0	konsekvensgrad 0 (null)
	Forureining (utslepp til luft, her under klimagassutslipp, forurensing av vatn og grunn, samt støy)	Noko verdi	konsekvensgrad 0 (null)
	Verknader som følge av klimaendringar, her også risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred	Noko verdi	konsekvensgrad +
	Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	0	konsekvensgrad 0 (null)
Ressurser, ulykke, barn og unge, arkitektur	Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar	0	Ikkje relevant
	Samisk natur- og kulturgrunnlag	0	Ikkje relevant
	Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	0	konsekvensgrad 0 (null)
	Beredskap og ulykkesrisiko	0	konsekvensgrad -
	Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga	0	konsekvensgrad +
	Tilkomst for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	0	konsekvensgrad 0 (null)
	Barn og unge sine oppvekstvilkår	0	konsekvensgrad 0 (null)
	Kriminalitetsførebygging	0	konsekvensgrad 0 (null)
	Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	0	konsekvensgrad 0 (null)
Tekniske og økonomiske forhold	Teknisk infrastruktur	Noko verdi	konsekvensgrad 0 (null)
	Økonomiske konsekvensar for kommunen	0	konsekvensgrad 0 (null)
	Konsekvensar for næring	0	konsekvensgrad 0 (null)

8 Merknader/innspeil ved forvarsling

8.1 Innkomne merknader/innspeil

Planarbeidet vart varsla første gong 3. januar 2022 ved kunngjering i avisa NYSS, ved brev vedlagt annonse til berørte partar og på Stranda kommune si heimeside. Følgjande merknader kom inn:

- | | |
|---|-----------------|
| 1. Hellesylt Utleigebygg AS | dat. 07.01.2022 |
| 2. Mattilsynet | dat. 09.02.2022 |
| 3. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal | dat. 18.02.2022 |
| 4. Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 18.02.2022 |
| 5. Direktoratet for mineralforvaltning | dat. 18.02.2022 |
| 6. Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE | dat. 18.02.2022 |
| 7. Stranda hamnevesen KF | dat. 18.02.2022 |
| 8. Statens vegvesen | dat. 11.01.2022 |
| 9. Kystverket | dat. 12.01.2022 |

Planarbeidet vart varsla andre gong 8. mars 2022 ved brev til berørte partar og på Stranda kommune si heimeside. Følgjande merknader kom inn:

- | | |
|--|-----------------|
| 10. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, dsb | dat. 14.03.2022 |
| 11. Statens vegvesen | dat. 07.01.2022 |
| 12. Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE | dat. 07.01.2022 |
| 13. Møre og Romsdal fylkeskommune | dat. 28.03.2022 |

Folkemøte 29.10.2022: På møtet vart det stilt generelle spørsmål som vart svara ut i dialog med dei frammøtte. Det kom ikkje inn konkrete merknader i etterkant av møtet.

8.2 Oppsummering av dei viktigaste innspela i merknadene, vurdering og omtale av korleis dei er tekne omsyn til

Utdrag frå merknadene: for full oversikt; sjå sjølve merknadene.

Ad. 1: Hellesylt Utleigebygg AS

Utdrag:

Vi svarer som eier av gnr. 60 bnr. 24 som er nabo til tiltaksområdet.

I forhold til Planinitiativ pkt. i) Omsynssoner for sikkerhet, er vårt bygg og tomt innenfor både rød og gul sone.

Vi forventer at der blir gjort tiltak slik at det verken nå eller på sikt vil bli lagt begrensninger i forhold til benyttelse eller fremtidig utvikling av vår eiendom.

Vurdering:

Planframlegget legg til grunn at dei føresetnader som er knytt til byggeareala i gjeldande områdeplan vert ført vidare. Så langt vi kan sjå vil ikkje dei tillagde omsynssonene virke avgrensande i forhold til områdeplanen med unnatak av at etablering av vaktmeisterbustad ikkje kan etablerast i faresone 350-2/350-2-2. Så langt vi ser vil ev. vaktmeisterbustad kunne plasserast annan stad på F/I-2 området.

Ad. 2: Mattilsynet

Utdrag:

Når det gjeld VA-planen har vi ei forventning til at den viser ei løysning som er gjennomførbar og som sikrar tilstrekkelege mengde drikkevatn med tilfredsstillande kvalitet for heile sentrumsområdet på Hellesylt. Det må gjerast ei vurdering av om vatn- og avløpssystem har tilstrekkeleg kapasitet. Dimensjonerings grunnlag og planlagt belastning (pe) inklusivt sløkkevatn må vere kartlagt. VA-planen må derfor synleggjere dagens kapasitet i tillegg til utrekna behov for vatn innanfor planområdet ved full utbygging. Eventuelle konflikt mellom planlagt arealbruk og eksisterande leidningsanlegg, både kommunalt og privat, må avklarast på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Planen må vise korleis eventuelle konflikter kan løysast.

Vurdering:

Vi viser vi til VA-rammeplanen, vedlegg 8. I samsvar med dei krav som er sett i VA-norma for Sunnmøre (Stranda kommune har vedteke norma) av 21. september 2020 pkt. 3.0 gjeldande for reguleringsplanar, er det utarbeidd ein overordna VA-plan som følgjer saka. Her er m.a. vassforsyning til anlegget, brannvatn og kapasiteten til kommunen sitt vassanlegg kommentert/vurdert. VA-planen er drøfta med kommunen. Så langt vi kan sjå er VA-planen med si utgreiing avklarande i forhold til merknaden.

Ad. 3: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Utdrag:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing:

Vi gjer merksam på at vilkåra til TEK17 § 7-4 er vurdert og utgreidd i samband med områdereguleringa for Hellesylt sentrum. Ettersom utbygginga må vere avklart i ein overordna plan, kan ikkje ein detaljregulering nyttast til å vurdere vilkåra i TEK17 § 7-4. ROS-analysen må derfor vurdere om utbygginga er avklart i områdereguleringa for Hellesylt sentrum.

Kommunen kan ikkje tillate utbygginga dersom denne ikkje er avklart i overordna plan for Hellesylt sentrum, jf. TEK17 § 7-4 bokstav e).

ROS-analysen må vurdere storleiken/omfanget av hydrogenanlegget opp mot grenseverdiane for storulukkeverksemdar, og stadfeste at anlegget ikkje overskrider desse verdiane.

Vi ser at ROS-analysen skal vurdere brann- og eksplosjonsfare frå hydrogenanlegget.

Vi minner vidare på at alle tiltak som planleggast i område med naturfare må plasserast i ein tryggleiksklasse, jf. TEK17 § 7-2 og 7-3

Statforvaltaren varslar motsegn til planen dersom utbygginga ikkje er tilfredsstillande avklart i den overordna planen for Hellesylt, om anlegget omfattast av storulukkeforskrifta eller medfører fare for akutt ureining.

Vidare må ROS-analysen tilfredsstillende utgreiingskravet i pbl. § 4-3, og avdekke risiko og sårbarheit følgjast opp gjennom planleggingsverkemidalen.

Støy:

Reguleringsplanen må avklare støysituasjonen.

Natur- og miljøvern:

*Vi merkar oss at Norconsult i planinitiativet ikkje kan sjå at tiltaket vil kunne ha direkte eller indirekte verknader på eksisterande naturmiljø. Vi føreset at dette blir grundigare utdjupa i planomtalen. ROS-analysen vil t.d. omfatte element som potensielt kan få verknad i reservatet. Vurderingane av moglege verknader må også omfatte anleggsfasen. Dersom tiltaket kan påverke naturverdiane i reservatet negativt vil dette vere grunnlag for **motsegn** til planen.*

Vurdering:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing:

Vi viser til ROS-analysen som følgjer saka, Dokument 4. Så langt vi kan sjå svarer analysen ut spørsmåla som er vist til. Planframlegget ved plankart og føresegnar i varetek dei avdekka ROS-utfordringane som er avdekka.

Støy:

Viser til eigen støyrapport som følgjer saka, vedlegg 6. Eksisterande støyfølsam bebyggelse ligg ca. 300 m unna. Grunna lita støymengd frå hydrogenanlegget (jf. og tiltaka som er føresett med voll) venast det ikkje at anlegget vil bidra til relevant støyauke ved eksisterande eller nye bustader i området.

Natur- og miljøvern:

Viser til den VA-rammeplanen samt til eige notat om miljøverknader (vedlegg 10) følgjer saka. I VA-rammeplanen er forhold knytt til ureining/utslepp frå anleggsområdet vurdert og teke omsyn til. Produksjonsanlegget og drifta av anlegget medfører ikkje ureining som vert slept ut i det fri. Ev. utslepp, jf. t.d. spillvatn, vert teke hand om i hht VA-norma. Overvatn/avrenning innan anleggsområdet vert infiltrert. Miljønotatet tek opp og avklarar forhold knytt til etableringa av anlegget og i driftsfase. Så langt vi kan sjå medfører ikkje etablering og drift av verksemda utslepp med verknad for natur og miljø.

Ad. 4: Møre og Romsdal fylkeskommune

Utdrag:

Tettstadsutvikling:

I tillegg til tilhøve som gjeld eksplosjonsfarlege stoff innanfor DSB sitt mynde vil vi og rå til at kommunen set krav om at konsekvensutgreiingane må gjere greie for korleis anlegget vil prege tettstaden og kva for tiltak ein vil gjere for at staden sine kvalitetar ikkje vert forringa. Vi tenkjer her særskilt på elvedeltaet og fjorden som er ein særskilt viktig kvalitet ved. Det vil og vere naudsynt å greie ut fjern- og nærverknad samt tilhøvet til omgjevnadene og naboar.

Samferdsel:

Vi ber om at det i den vidare planprosessen blir vurdert om kryss frå fv. 5920 til den kommunale vegen er dimensjonert, drifta og vedlikehalde slik at det vil tole den auka trafikken reguleringsplanen vil kunne medføre. Kryss må vere utforma i samsvar med krav gitt i Statens vegvesen si handbok N100, mellom anna kravet til stoppsikt i kryss. Eventuelle behov for utbetring må bli stilt som rekkefølgjekrav. Ein må også vurdere om det er aktuelt å realisere utbetring av fylkesvegen som regulert i reguleringsplan for Hellesylt sentrum.

Fylkesvegen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal må regulerast til formålet «annan vegggrunn». Ervervsarealet er sikkerheitssona + 2 meter målt frå vegkant. Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i handbok N101.

Da reguleringsplanen legg opp til eksplosjonsfarleg produksjonsanlegg, må eksplosjonssone grundig utgreiast for å kunne få eit betre innblikk i kva for konsekvensar ein eventuell eksplosjon kan få. Ved grundig utgreiing kan vi som veigar gjere oss opp ei meining om anlegget sin risiko og konsekvens for fv. 5920, kva for avbøtande tiltak tiltakshavar må iverksette for at vi som veigar kan leve med ein restrisiko m.m.

*Planforslaget må knytte rekkefølgjekrav til alle tiltak som påverkar og sikrar dei trafikale løysingane. Vi gjer merksam på at manglande vurderingar og/eller krav til naudsynte tiltak kan medføre **motsegn** til planforslaget.*

Kulturminne frå nyare tid:

Reguleringssaka vekker stor interesse hjå kulturavdelinga som har regionalt mynde når det gjeld vern av kulturminner og kulturmiljø. Kulturmiljøet i tettstaden har regional verneverdi.

Kulturavdelinga vil ved oppstart av regulering i sentrumsstrukturen peike på at heilskapen i Hellesylt tettstad i dag er samansett av ei rekke kvalitetar. Hellesylt er ein attraktiv og vakker stad å kome til, og alle kvalitetane staden har kan i eit større heile også tilleggast kulturminneverdi. Kvalitetane som definerer opplevinga av tettstaden er i hovudsak:

- Naturelementa
- Tettstadsstrukturen

Alle reguleringsarbeid i sentrumstrukturen av tettstaden Hellesylt bør ha som ambisjon å peike på, utvikle og styrke kvalitetane i og opplevinga av den fantastisk flotte staden som Hellesylt er. Det gjeld også dette reguleringsarbeidet sør for Kræmargjølet, mellom gamlevegen (som før gjekk langs fjøregrunnen), og den freda elveosen til Bygdeelva. Det nye tiltaket ser ut til å kunne utfordre både utsyn frå gamlevegen og frå nyvegen (Hellesyltvegen/Bygda) i strekket mellom brua over Kræmargjølet og elveosen fram til Stadion.

Oppsummert - konkrete råd i samband med oppstart:

- Ved oppstart av planen vil kulturavdelinga oppmode om at konsekvensane av det nye tiltaket (hydrogenproduksjon og lagring) vert granska nøye når det gjeld møtet med fjordopninga.

- Det må greiast ut kva konsekvensar sikringa av eit slikt anlegg vil få for møtet med den delen av tettstadsstrukturen som ligg nordvest for industridelen av sentrum. Her må det også greiast ut kva som kan gjerast for å avgrense negative konsekvensar av eventuelle sikringssoner.

Hellesylt ligg ved porten til verdsarvområdet og fjernverknaden av staden har såleis ringverknader for totalopplevinga av verdsarvområdet. Når det gjeld det nære møtet mellom det varsla planområdet og fjorden er det særleg viktig å greie ut konsekvensane tiltaket vil ha i møte med den freda elveosen. Plangrensa bør her ha god margin til det freda elvefaret/osen for å sikre at det tydelege sporet etter denne i fjøregrunnen vert verna. Det vakre utsynet til Synnulvsfjorden frå vegen mellom campingplassen og stadion aust i tettstaden truleg også bli påverka av tiltaket. Dette bør også konsekvensutgreiast.

Vurdering:

Tettstadsutvikling:

Vi har drøfta merknaden med kommunen og kome fram til at gjeldande områdeplan gjev tilfredstillande avklaringar i forhold til tettstadsutviklinga – også for det gjeldande planområdet. Etter drøfting/avklaring, så legg kommunen til grunn er at landskapsmessige verknader skal visualiserast og omtalast for det som kan reknast som «nærområdet» til tiltaket. Med bakgrunn i dette, jf. også punktet under vedkomande kulturminne, så har vi utarbeida ein eigen rapport, jf. vedlegg 7, der landskapsmessige forhold er vurdert og omtala. Vi har vidare nytta landskapsfagleg kompetanse i prosjektarbeidet med utforminga av anlegget, jf. 3D-modell og skisser/snitt vist rapporten. Framstillinga av korleis anlegget påverkar omgjevnadene, særleg i gåande/observerande høgde, er lagt særleg vekt på. Så langt vi kan sjå er estetiske forhold ivaretekne på ein god måte. Illustrasjonane, jf. illustrasjonsplan og snitt(teikningane L-70-10-01 og L-70-40-01), er tekne med i føresegnene med nærmare vilkår.

Samferdsel:

Forhold som vist til i merknaden er konkret drøfta med kommunen og fylke. Kommunen ønskjer å realisere regulert areal P7 nord om Norwegian Hydrogen AS sitt anlegg. Gjennomføring av tiltak knytt til vegar/kryss vert avklara/ gjort ansvarleg gjennom ei eiga avtale mellom Stranda kommune og Norwegian Hydrogen AS. Rekkjefølgjekrav er teke inn i reguleringsbestemmingane.

Fylkesvegen sitt eigedomsområde langs fv5920 si vestre side ivareteke i hht N101 pkt. 2.3. Ervervsarealet er såleis sett til 4,5 m. (sjå også snitt teikningL-70-40-01 Prinsippsnitt voll).

Sett nemnde avtale, plankart og reguleringsbestemmingar under eitt er naudsynnte tiltak sikra i h.h.t. N100/N101.

ROS-forhold er svara ut i ROS-analysen og teke omsyn til i planframlegget.

Kulturminne frå nyare tid:

Som vist til under pkt. Tettstadsutvikling over er det kommunen sitt syn at overordna forhold knytt til tettstadsutvikling og kulturomsyn er tilfredsstillande avklara i gjeldande områdereguleringsplan. Viser elles til kommentaren over.

Oppsummert - konkrete råd i samband med oppstart:

Viser til omtale over og til vedlegg som vist til.

Ad. 5: Direktoratet for mineralforvaltning

Utdrag:

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av detaljregulering for gnr. 91 bnr 174 på Hellesylt i Stranda kommune.

Vurdering:

Det ligg ikkje føre konkret merknad til sjølve planarbeidet. Inga vurdering naudsynt.

Ad. 6: Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE

Utdrag:

Tilhøve til overordna plan:

NVE rår til at de tidleg i planarbeidet tek stilling til om planlagd utbygging er avklara i områderegulering for Hellesylt sentrum. Vi gjer merksam på at skissert planområde strekker seg utover planområdet for områdereguleringa, utan at det kjem klart fram av varselbrevet korleis dette arealet skal nyttast. Kommunen kan ikkje tillate utbygging som ikkje er avklara i overordna plan.

Generelt om planlegging av tiltak i område med naturfare:

Skissert planområde ligg i område med kartlagt fare for flodbølge som sekundær verknad av fjellskred frå fjellpartiet Åkneset.

Begge dei aktuelle faretypene skal vurderast etter regelverket for skredfare. Når planlagde tiltak ligg i område med fare for skred, skal aktuell tryggleiksklasse for dei ulike tiltaka som planen legg til rette for fastsettast, jf. byggtknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

I arbeidet må det også avklarast om tiltak i planen kan bli omfatta av Forskrift om tiltak

for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer (storulykkeforskrifta).

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå.

Skredfare i bratt terreng:

Det er utarbeida fleire rapportar om skredfare i bratt terreng for området som

planområdet er ein del av. I farekarta på NVE Atlas er rapport frå NGI datert 10.10.2011 lagt til grunn. I plankartet til områderegulering for Hellesylt sentrum (gjeldande plan) er rapport frå Åknes Tafjord Beredskap IKS datert 29.11.2011 lagt til grunn for omsynssone skredfare.

I planarbeidet må de ta stilling til om tidlegare vurderingar framleis gjeld for planområdet, og kva rapport som skal leggst til grunn for skredfare i planområdet. I planarbeidet må de ta stilling til om tidlegare vurderingar framleis gjeld for planområdet, og kva rapport som skal leggst til grunn for skredfare i planområdet.

Fare for flodbølge:

Planområdet er utsett for fare for oppskylling av flodbølge som konsekvens av fjellskred i Åkneset, Åkneset, jf. NGI rapport 20151018-00-1-r sist revidert 21.02.2011.

Grunnforhold:

Planområdet ligg under marin grense. I følgje NGU sitt lausmassekart er lausmassane i planområdet elveavsetningar eller skredmateriale. Under desse avsetningane kan det vere marine avsetningar.

Vassdragsmiljø:

Delar av skissert planområde strekker seg ut i Bygdaelva sitt utløp i Sunnylvsfjorden og Korsbrekke naturreservat. Det kjem ikkje klart fram av varselbrevet om det er planlagt tiltak i denne delen av planområdet.

Vassuttak:

Det er lite informasjon om planlagt produksjon av hydrogen i varselbrevet. NVE gjer merksam på at eventuelt uttak av ferskvatn krev konsesjon etter vassressurslova.

Energianlegg:

Ny industrietablering krev kraftforsyning. Det er difor viktig at kommunen/industriaktøren tek kontakt med det lokale nettselskapet for å avklare kraftforsyninga i området. For å bli knytt til nettet, kan kraftkrevjande industri utløyse større eller mindre tiltak i nettet som kan vere konsesjonspliktig.

Vurdering:

Tilhøve til overordna plan:

Viser til ROS-analysen. Så langt vi kan sjå, også etter drøfting med kommunen, er tiltaket gjeldande gnr. 91 bnr. 174 m. fl. tilstrekkeleg avklara i overordna plan.

Generelt om planlegging av tiltak i område med naturfare:

Viser til ROS-analysen og avklaringar i gjeldande områdereguleringsplan.

Skredfare i bratt terreng:

Avklart. Norconsult har vore i kontakt med Stranda kommune ved Ruth Elisabeth Blakstad og Roald Rekdal. I e-post frå Stranda kommune datert 15.02.2022 bekreftar Stranda kommune at det er faresoner utarbeida av Åknes Tafford Beredskap IKS (rapport 07/2011, datert 29.11.2011) som er gjeldande for planområdet. Stranda kommune legg ved e-post dokumentasjon på at desse faresonene er gjeldande ved avklaring med NVE ved Ole-Jakob Sande (e-post kommunikasjon 20.04.2021).

Fare for flodbølge:

Viser til ROS-analysen. Viser til avklaringar i gjeldande områdereuleringsplan, og til plankart og føresegnene som følgjer planframlegget. Forholdet er teke i vare i planframlegget.

Grunnforhold:

Viser til eigen geoteknisk rapport Norwegian Hydrogen – Hellesylt, Geoteknisk grunnundersøkelser, vedlegg 4. Konklusjonen i rapporten er m.a. (jf. Sammendrag) i rapporten):

«Områdestabiliteten vurderes som ivaretatt etter regelverket i NVE-veileder *Nr. 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred*.

Det anbefales ikke fundamentering på fylte masser som ligger på toppen i tiltaksområdet på grunn av heterogeniteten av materialer som finnes i de to første meterne. Dersom det fundamenteres direkte på fylte masser, forventes det differensielle setninger. Massene som ligger på tiltaksområdet bør masseutskiftes med sprengstein ned til ca. 2 meters dybde, etterfulgt av komprimering av oppsprengte masser for å sikre nødvendig fleksibilitet i fundamenteringsløsningen. Tilbakefylte masser skal legges ut lagvis og komprimeres iht. til tabell 2 i NS 3458».

Det kan elles visast til at det er gjennomført geoteknisk detaljprosjektering med bakgrunn i rapporten.

Vassdragsmiljø:

Det er ikkje planlagt nye tiltak knytt til Bygdaelva sitt utløp og tilgrensande sjøområde. Tiltak for å hindre ureining frå byggeområdet F/I-1 (ved etablering av hydrogenanlegg) er teke med i føresegnene. Viser elles til VA-rammeplanen (vedlegg 8) og notat utslipp Hellesylt Hydrogen HUB (vedlegg 10) som følgjer saka.

Vassuttak:

Vassbehovet er avklara i VA-rammeplanen som følgjer saka. Vassbehovet er sett til 0,4 l/sek. som følgje av produksjon og drift. Dette utgjør ein liten del av forsyningskapasiteten til det kommunale vassverket. Naudsynt kapasitet til brannvatn er nærmare drøfta i VA-rammeplanen. Konklusjonen er at 50 l/sek. leggst til grunn basert på ROS-vurderinga og TEK17. For å kunne levere slik mengd vert det som del av tekniske anlegg på tomte etablert brannvassstank med pumpe som kan levere 40 l/sek i minst ein time. Saman med tapping frå kommunalt nett dekkjer dette då kravet.

Energianlegg:

Norwegian Hydrogen (NH) har bestilt 2,5 MW til forsyning av hydrogenfabrikk i Hellesylt. Dei vil få tilknytning på vilkår om utkopling eller redusert forbruk, og under føresetnad av at det oppnåast tilfredsstillande spenningsforhold. Det er ingen termiske flaskehalsar i forsyninga til Hellesylt, og hydrogenfabrikken vil gi betre utnytting av lokal produksjon. Men den nye fabrikk medfører utfordringar knytt til spenning i tørre periodar når kraftverka ikkje produserer. Norconsult arbeider for Tindra Nett med å beskrive ei løysning på spenningsproblematikken. Dette arbeidet ventast fullført i løpet av november 2022.

Når samla produksjon frå kraftverka er tilstrekkeleg, er målet at hydrogenfabrikken skal kunne ta ut si merkeyting på inntil 3 MVA. Produksjonen av hydrogen må tilpassast den kapasiteten som er tilgjengeleg i nettet. Viser til notat frå Tindra Nett vedlegg 12.

Ad. 7: Stranda hamnevesen KF

Utdrag:

Det er heilt nødvendig med ei konsekvensutgreiing som skal innehalde detaljert beskrivelse av ulike risikoelement og forslag til avbøtande tiltak. Stranda hamnevesen er særleg oppteken av vårt ansvarsområde som er Hellesylt cruise kai og Hellesylt kai . Vi tek årlig i mot ca. 100 cruiseskip i tillegg til anna trafikk på sjø. Det passerer årlig ca. 150 000 passasjerer over cruisekaia. Risikoanalyse og konsekvensutgreiing må vurdere omkringliggende aktivitetar, antal personar i nærområdet, trafikk, mulige kjelder for antenning ved lekkasje, vindretninger og flammehastighet ved eksplosjon. Dette må gjelde for sjølve produksjons- og lageranlegg, samt ved omlasting og langs transportvegen til og frå kaia og bunkring. Stranda hamnevesen har sjølve eit stor behov for straumforsyning i framtida. Spørsmålet vårt er kva straum som skal disponerast til produksjon og kvar straumen vert henta i frå ? Er dett e eit pilotprosjekt eller eit permanent anlegg med ei produksjonsmulighet i takt med forbruk? Ein har etter det vi forstår, lite erfaring med hydrogen og det er difor svært viktig å vere grundig på risikoaspektet og velje dei sikraste løysningane.

Vurdering:

Straum: sjå over.

Konsekvensutgreiing:

Det følgjer av ROS-analysen kva konsekvensar som følgjer av produksjonen i anlegget og tilhøyrande transport av hydrogencontainer ut til ferje og ut av Hellesylt. Sjå eiga vurdering i ROS-utgreiinga (ein systematisk metode for å vurdere og identifisere risiko).

Konsekvensutgreiinga følgjer elles dei momenta som går fram av «Forskrift om konsekvensutredninger §10» med tillegg av nokre andre punkt.

Samla gjev ROS-analysen og KU-utgreiinga oversikt over naudsynte tiltak som følgjer av tiltaket.

Planframlegget har innarbeidd tiltak knytt til arealbruken som er påvist naudsynte.

Anlegget:

Anlegget er permanent.

Ad. 8: Statens vegvesen

Utdrag:

Produksjon av hydrogen for lokalbruk bygger opp under mål i de statlige planretningslinjene for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging. Vi ser det som viktig at de nødvendige vurderingene knyttet til lokalisering og transportbehov går frem i plandokumentene ved offentlig ettersyn.

Vi vil ellers påpeke at tiltak som berører det offentlige vegsystemet må planlegges etter håndbok N100.

Vurdering:

Lokalisering/transportbehov:

Norwegian Hydrogen AS (NH) har i prosessen vurdert ulike lokaliseringar i forhold til det lokale forsyningsområdet og har under vurdering ei rekkje etableringar i Møre og Romsdal. Hellesylt er eit aktuelt forsyningsområde i hovudsak grunna oppgradering av ferja mellom Hellesylt og Geiranger. I lys av miljøaspektet er det for dette sambandet konkludert med at EI-ferje truleg ikkje er aktuelt grunna avgrensa kapasitet på straumleveranse. Hydrogen som drivstoff er vurdert som einaste reelle energikjelde for ei miljømessig løysing på ferjesambandet. I arbeidet med val av lokalitet har NH vurdert m.a. lokalitetar på Tryggestad og i Sunnylvsbygda. Av ulikeårsaker er lokalitetane i desse områda gått bort frå etter drøfting

med kommunen. For lokaliteten som no vert fremja gjennom planframlegget er miljø- og transport forhold nøyte drøfta med kommunen. Lokaliseringa er utan vesentlege konsekvensar for miljø og transport.

Tiltak på det offentlege vegnettet:

Føreslått tiltak samsvarer med formingskrav i N100, jf. også avtalen mellom kommunen og Norwegian Hydrogen AS vedkomande utbetring av vegkrysset fv5920/Gamlevegen. Viser også til avklaring i denne saka med MR-fylke, samferdselsavdelinga.

Ad. 9: Kystverket

Utdrag:

Planarbeidet i Stranda kommune har ikkje pårekelege konsekvensar for sjøtransporten sine rammevilkår og Kystverket finn difor ikkje grunnlag for å medverke i den komande planlegginga, jf. plan- og bygningslova sin § 3-2, tredje ledd.

Vurdering:

Det ligg ikkje føre konkret merknad til sjølve planarbeidet. Inga vurdering naudsynt.

Ad. 10: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, dsb

Utdrag:

Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig.

Vurdering:

Det ligg ikkje føre konkret merknad til sjølve planarbeidet. Inga vurdering naudsynt.

Ad. 11: Statens vegvesen

Vi viser til våre innspill i brev av 11.01.2022 og har ellers ingen merknader til foreslått endring.

Ad. 12: Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE

NVE viser til vårt innspel til planarbeidet i brev datert 18.02.2022. Slik vi les nytt varsel vil innspela gjelde også for utviding av planarbeidet.

Ad. 13: Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi viser til vårt fråsegn datert 18.02.2022, og har ikkje ytterlegare merknader.

9 Avsluttande kommentar

Dei ulike merknadene/innspela ved forvarslinga av planarbeidet er gått gjennom og søkt i varetekne i planframlegget. Ved utgreiingar er dei ulike temautfordringane gått gjennom, utfordringar/verknader dokumenterte og løysingar kome fram til.

Framlegg til detaljplan legg opp til ein utvida bruk av arealet no vist som område F/I-1 i høve gjeldande områdereuleringsplan. Dette slik at det også kan byggast hydrogenanlegg. Anlegget kjem ikkje inn under storulykkesforskrifta, men prinsippa nedfelt i forskrifta er lagt til grunn.

Anlegget sin produksjon vil vere tilpassa tilgjengeleg EI-kraft, og då på slik måte at straumleverandør også har sett av reserve for omgjevnadene i hht. gjeldande krav. Vassforbruket til anlegget er liten (0,4 l/sek) og påverkar ikkje nemnande forsyninga til forsyningsområdet elles. Brannvatn er ei utfordring for det kommunale vassnettet. For å etablere forsyning tilvarande 50 l/sek skal det etablerast eigen branntank på anlegget.

ROS-vurderinga sine påpeika konkrete tiltak er innarbeidde som kompenserande tiltak. Desse er nedfelt som vilkår i føresegnene.

Omsyn til vassmiljøet/Korsbrekke naturreservat er innarbeidd med konkrete tiltak både i anleggsfasen ved bygginga av hydrogenanlegget og i etterkant gjennom driftsfasen. Så langt vi kan sjå vil dei kompenserande tiltaka gjere til at vassmiljøet ikkje vert ureina som følgje av bygging og drift av anlegget.

Så langt vi kan sjå medfører ikkje planframlegget vesentlege konsekvensar for klima- og miljø, ressursar, ulykke, barn og unge, folkehelse, arkitektur, tekniske og økonomiske forhold. Vi kan heller ikkje sjå at vidare drift og utviklinga av eigedomar i influensområdet, i samsvar med gjeldande områdereuleringsplan, vil bli vesentleg skadelidande som følgje av planframlegget.